



# Trafikksikringsplan for Bømlo kommune

**Temaplan**

2020-2024



*Foto: Simon Knutsson Sortland*

Vedteken plan i kommunestyret 22.06.2020 sak PS 67/20



## Innhaldsoversikt

<b>1. Forord</b> .....	3
<b>2. Innleiing</b> .....	4
<b>2.1 Prosjektorganisasjonen for trafikksikringsplanen 2020-2024</b> .....	6
<b>2.2 Kort presentasjon av Bømlo kommune</b> .....	6
<b>2.3 Visjon og målsetting</b> .....	7
<b>2.4 Samarbeidspartar</b> .....	8
<b>3. Trafikkbildet-ulykker 2015-2019</b> .....	9
<b>4. Satsingsområde</b> .....	11
<b>4.1 Hjartesone</b> .....	12
<b>4.2 Aktiv transport</b> .....	12
<b>4.3 Miljø- og klimatiltak</b> .....	13
<b>4.4 Regodkjenning som Trafikksikker kommune</b> .....	14
<b>5. Økonomi</b> .....	14
<b>6. Organisatoriske tiltak</b> .....	14
<b>6.1 Oversikt vidareføring av tiltak for trafiktryggleiksarbeidet 2020-2024</b> .....	15
<b>6.2 Oppfølging tiltak Trafikksikker kommune i 2020-2024</b> .....	16
<b>7. Oppsummering</b> .....	17
<b>Vedleggsdel</b> .....	18
<b>8. Innleiing og oversikt trafikantretta og haldningsskapande tiltak</b> .....	19
Tabell 7.1; Haldning og læringstiltak retta mot barn og unge .....	21
Tabell 7.2; Oversikt andre kampanjar for meir stimulerande fysisk aktivitet .....	22
Tabell 7.3; Trafikantretta tiltak 2020-2024 .....	23
<b>9. Innleiing oversikt fysiske tiltak</b> .....	26
<b>10. Vurdering av fareklassar skuleveggar</b> .....	27
Tabell 9.1; Klassifisering skuleveggar 2020-2024.....	28
<b>11. Oversikt utførte tiltak 2016-2020 og prioriterte tiltak 2020-2024</b> .....	29
Tabell 9.2; Oversikt utførte strakstiltak frå førre plan .....	29
Tabell 9.3; Tabell utførte langsiktige tiltak frå førre plan.....	31
Tabell 9.4; Tabell oversikt utførte tiltak merka andre forhold .....	33
Tabell 9.5; Prioriterte strakstiltak for 2020-2024.....	35

Tabell 9.6; Prioriterte langsiktige tiltak 2020-2024.....	38
Tabell 9.7; Oversikt tiltak utan prioritering .....	40
Tabell 9.8; Samletabell for oppsetting veglys .....	41
Tabell 9.9; Samletabell for plassering busskur, ikkje prioritert rekkefølge .....	43
Prosjektark 9.1; Bjørkåsen bustadfelt .....	44
Prosjektark 9.2; Hollund- Laurhamarkjosen/ TS-vurdering.....	45
Prosjektark 9.3; Hamaren Urangsvåg/ busslomme.....	46
Prosjektark 9.4; Oppsetting veglys og vegutviding Meling -Sønstabø .....	47
Prosjektark 9.5; Hillestveit skule/omregulering kjøremønster .....	48
Prosjektark 9.6; Oppsetting busskur og bygga kantstopp Gåslandvegen .....	49
Prosjektark 9.7 ; Ombygging trafikkøy Hollundsdaalen .....	50
Prosjektark 9.8; Regulering kryssingspunkt Hallaråkerkrysset.....	51
Prosjektark 9.9; Stavlandsvegen/kryssingspunkt/gangfelt .....	52
<b>12. Oversikt innkomne innspel etter førre planperiode .....</b>	<b>53</b>
Tabell 10.1; Oversikt og vurdering innkomne innspel før TS-plan arbeidet vart utlyst .....	53
Tabell 10.2; Oversikt og vurdering av innspel etter utlysing av TS-plan arbeidet for 2020-2024.....	54
Tabell 10.3; Oversikt innspel i høyringsrunden .....	60
<b>13. Oppsummering vedleggsdel .....</b>	<b>63</b>

## 1. Forord

Trafikktryggleik er svært viktig her til lands og det har blitt arbeidd hardt for å sikre at me har trygge vegar i heile Noreg. Resultat viser at langvarig førebygging har verka: Risikoen for alvorlege ulukker er sterkt redusert, og tal drepne og hardt skadde i vegtrafikken er gått ned.

I Noreg er det lågare risiko for å bli drepen i trafikken enn i noko anna land, sett i forhold til innbyggjartal. Mens det i 1970 omkom 560 personar i vegtrafikkulykker, var talet i 2018 redusert til 108. Sidan 1970 er trafikken nærare firedobla. Samtidig er risikoen for å bli drepen per kjørte kilometer redusert med 95 prosent. Med same risiko som i 1970 ville talet på omkomne i dag lege på rundt 1920 personar.

Dei positive resultatata skuldast eit samansett trafikksikringsarbeid, frå betre kjøretøy og vegar til haldningsskaping og opplæring.

Trafikksikringsarbeidet har vore målretta, med høg politisk prioritering – og resultatata visar at langsiktig, målretta førebygging nyttar. Stortinget er engasjert i trafikktryggleik, og har vedtatt ein nullvisjon; det er uakseptabelt med drepne og hardt skadde i trafikken. I Nasjonal transportplan 2018-2029 har regjeringa sett som mål at talet på drepne og hardt skadde skal vera maksimalt 350 innan 2030. Det er ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med perioden 2012-2015.

Fakta (kjelde: skadeførebyggjande forum)

- Sidan 1970 er trafikken fleirdobla, men talet på drepne er sterkt redusert.
- Tidleg på 1970-tallet mista ca. 100 barn livet i trafikken; no er talet redusert til under fem.
- Trafikkulukker er ei av dei vanlegaste dødsulykkene for ungdom i alderen 15–24 år.
- Menn er overrepresenterte blant drepne; talet på kvinner har gått ned.
- Skadefrekvensen blant MC-førarar er langt høgare enn for bil; dei fleste er menn.

Bømlo kommune gjorde i 2015 kommunestyrevedtak med mål om å bli godkjend som ein trafikksikker kommune. Systematisk og grundig arbeid har gjort at i november 2017 vart Bømlo kommune godkjend som trafikksikker kommune 2018 – 2020, den 4. kommunen i Hordaland.

I 2020 skal kommunen regodkjennast som trafikksikker kommune, og ein TS- plan som til ei kvar tid er oppdatert, er eit av kriterium for slik regodkjenning. Å vera godkjend som trafikksikker kommune gjer at einingane kan jobba systematisk med TS-arbeidet.

Sammy Olsen

ordførar

## 2. Innleiing

### Plantype og omfang

Bømlo kommune har gjort vedtak om å utarbeida ny trafikkisikringsplan for 2020-2024. Denne nye planen er den femte i rekka. Den førre planen, 2016-2020, var eit skifte i TS- plan- arbeidet med at konseptet Trafikksikker kommune vart innført i planen. Konseptet vert vidareført i denne nye planen for 2020-2024. Trafikkisikringsplanen er ein strategisk temaplan, og den er forankra i kommunens planstrategi.

Bømlo kommune sin KPS- plan (*Kommuneplanens sin samfunnsdel 2019-2049*) legg til grunn at all planlegging skal vera berekraftig og at FN sine berekraftmål skal gjennomgåande vera integrerte i alt planarbeid, gjeld også Trafikkisikringsplanen. Transport vedkjem oss alle. Å vera trygg i sin daglege transport er svært viktig for oss alle for å oppleva ein god livskvalitet. Bømlo kommune med sin KPS- plan har i kapittel 5.5 «Berekraftig og trygg mobilitet» omtala overordna føringar for trafikkisikringsarbeidet.

### Godkjenning – trafikksikker kommune

Trafikkisikringsplanen for Bømlo kommune viser kva område og tiltak det skal satsast på dei nærmaste 4 åra. Målet med ein kommunal trafikkisikringsplan er å auka kommunen sin innsats i trafikkisikringsarbeidet. Planen gjev ei oversikt over tiltak på både det kommunale og fylkeskommunale vegnettet. Det er og laga ei oversikt over trafikantretta- og haldningsskapande tiltak retta mot kommuneadministrasjonen, barnehagar og skular osv. Planen skal oppdaterast kvart fjerde år. Ein oppdatert plan kan gje betre føresetnad for å få tilskot til ulike tiltak.

Eit godkjenningstempel som Trafikksikker kommune forpliktar alle i kommunal leiing til å fylgja opp alle vedtekne kriterium, frå ordførar, rådmann og kvar einskild tilsett i kommunen sine avdelingar. Alle må vera bevisst på at trafikkisikringsarbeidet i kvardagen vert sett i system. Skular og barnehagar har også same ansvar for trafiktryggleiken i sin kvardag. Eit haldningsskapande trafikkisikringsarbeid er viktig for at ein skal nå måla i nullvisjonen. Merk at kvar einskild trafikant i Bømlo kommune har og eit ansvar for si framferd i trafikken.

### Forankring - berekraft og samfunns mål

FN sine berekraftsmål er implementert i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og del-måla skal framover vere gjennomgåande i alle kommuneplanar.



Høg trafikktryggleik er relevant for å nå fleire av del-måla, til dømes under 3 helse, 9 innovasjon infrastruktur, 11 berekraftige byar og samfunn, 13 stoppe klimaendringane og 17 samarbeid for å nå måla.

Kommuneplanen sin samfunnsdel, kap. 5.5. berekraftig og trygg mobilitet, understrekar at mobilitet handlar fyrst og fremst om å kunna delta og bidra i lokalsamfunnet og førebygga u-ynskt sosial isolasjon.

5

Trafikktryggleik er sentralt både med omsyn til sosial isolasjon og gode tilhøve for næringslivsutvikling.

Vidare slår KPS planen fast at Bømlo kommune skal halda fram arbeidet med «Trafikksikker kommune». Som vegeigar, skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helse og trivselen til innbyggjarane, har vi eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Difor må trafiksikringsarbeidet vera ein brei og samla innsats der alle sektorar er involverte for å førebygga og redusera trafikkulykker. Dei kommunale etatane skal verta involvert i arbeidet, og etatsleiarane må vere involverte i gjennomføringa.

TS-planen er med på å oppfylle KPS sine mål om sterk satsing på Trafikksikker kommune-arbeid, sikre trygge korridorar for gang- og sykkelveg/«snøggveggar», forankra trafikktryggleik hjå administrativ og politisk leiing, satse på sykkel- og gangveg kring skular, bidra til at vegtransport blir meir utsleppsfri og syta for berekraftig mobilitet.

### Spesielle fokus- områder i planen

Den nye TS-planen vil og ha høgt fokus på trafikksikker skuleveg for barnehagebarn og skulebarn i alle alderstrinn. I Nasjonal Transportplan 2018-2029 har barn og unge for fyrste gong fått eit eige kapittel.

Kommunen har også ansvar gjennom Lov om folkehelsearbeid, der alle kommunar er pålagde å arbeida førebyggjande mot faktorar som kan påverka innbyggjarane negativt og fremja blant anna trafikktryggleiken, miljø og trivsel. Gjennom konseptet Trafikksikker kommune vil Bømlo kommune stå enda meir styrka i folkehelsearbeidet og trafiksikringsarbeidet. Trafikktryggleik er ein del av folkehelsearbeidet i kommunen.

Tidlegare har kommunale trafiksikringsplanar hatt større fokus på fysiske tiltak enn på haldningsskapande tiltak. Trafikksikker kommune skal heretter ha like stort omgrep og fokus på haldningsskapande tiltak som fysiske tiltak. Det er viktig at alle vedtekne kriterier for Trafikksikker kommune vert fylgde opp i den nye TS- planen. Alle einingar i kommunen, her og skular og barnehagar, skal dokumentera og kunna leggja fram kontrollerte og utfylte sjekklister for sitt årlege trafiksikringsarbeid.

Evalueringa frå dette TS- arbeidet viser at Bømlo kommune har fylgd opp dette arbeidet innan Trafikksikker kommune-konseptet. Haldningsskapande arbeid må sjåast i eit lengre tidsperspektiv og

resultat vil kanhende krevja tid. Det er i praksis vanskeleg å måla effekten av haldningsskapande arbeid og annan trafikantinformasjon. Forståing for trafikksikker åtfærd i trafikken er viktig å læra allereie frå barnehage- åra og opp gjennom skuleåra til vaksen alder.

Å utarbeida ein trafikksikringsplan er ikkje eit arbeid som kan avsluttast ein gong for alle. Planen må oppdaterast og reviderast med jamne mellomrom. Trafikksikker kommunekonseptet gjev klare føringar for korleis ein skal arbeida med trafikksikringsarbeid gjennom heile året.

<https://www.bomlo.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=11973&Fillid=17009>

<https://norad.no/om-bistand/dette-er-fns-barekraftsmal/>

## 2.1 Prosjektorganisasjonen for trafikksikringsplanen 2020-2024

Styringsgruppa	
Rådmann	Aud Gunn Løklingholm
Prosjektleder	Nils Kåre Nysæter
Leiar tekn. drift	Vardan Vardanyan

Prosjektgruppa	
Nils Kåre Nysæter	Leiar prosjektgruppa, Bømlo kommune
Linda Djuvik	Prosjektleder trafikksikringsplan, Bømlo kommune
Anne Beth Njærheim	Folkehelse koordinator, Bømlo kommune
Geirmund Aga	Tide Buss AS
John Magne Sørensen	Tide Buss AS
Kristine Sætre	Skule-barnehage
Stein Erik Lyslo	Vegingeniør Bømlo kommune
Dag Foseid	Vestland fylkeskommune, infrastruktur og veg
Dag Vidar Vatne Nordhus	Politiet
Svale Naterstad	TS Tenester LTD, konsulent/ TS-revisor

## 2.2 Kort presentasjon av Bømlo kommune

Bømlo kommune har fått ei betydeleg oppgradering av vegsystemet dei siste 10 åra og den siste store vegparsellen, Siggjarvåg - Stokkabekken, vart opna 27 juni 2017. Den har avløyst den gamle vegtraseen av FV 542 som gjekk om Folderøy og som no er kommunalveg. Framleis vert det utbetra fleire parsellar av det gamle vegnettet, til dømes FV 541 Lykling-Våge.

### Trafikktal (ÅDT) fylkesvegar i Bømlo kommune:

Teljepunkt	År 2014	År 2019	Endring i prosent
Svortland FV 542	8000	7500	-6,25
Mæland FV 5012 ( tidl. FV 23)	1700	1800	+ 5,55
Lykling FV 541	1100	1000	-9,09

Kjelde: NVDB

Dei fleste fylkesvegnummer er endra etter regionsreforma, bortsett frå FV 541 og FV 542. Nokre tidlegare fylkesvegar er omklassifiserte til kommunalveg etter utbygginga av Bømlopakken. For meir informasjon følg lenka under.

[https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlaag:geodata/hva:\(~\(farge:'0\\_0,id:532\)\)/@-45021,6667270,12/vegobjekt:980781899:40a744:532](https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlaag:geodata/hva:(~(farge:'0_0,id:532))/@-45021,6667270,12/vegobjekt:980781899:40a744:532)

### Endring av folketalet i Bømlo kommune i ein fire- årsperiode:

<b>Pr 01.01.2016</b>	<b>11749</b>	<b>Auke i %</b> <b>1,77</b>
<b>Pr 31.12.2019</b>	<b>11957</b>	

Kjelde: SSB

### Oversikt tal kjøretøy og endringar:

Kjøretøy gruppe	Tal kjøretøy i Bømlo pr. 31.12.1999	Tal kjøretøy i Bømlo pr. 31.12.2010	Tal kjøretøy i Bømlo pr 31.12.2014	Tal kjøretøy i Bømlo pr 31.12.2019	Endring i % frå 2014 til 2020
Personbil	3856	5083	5674	6160	+8,56
Buss	83	17	12	12	0
Kombi-bil	268	110	51	23	-54,90
Varebil	263	757	954	1017	+6,60
Lastebil	93	66	79	61	-22,78
Traktor	268	339	388	416	+7,21
Moped	320	576	627	616	-1,75
Motorsykel	184	354	374	494	+32,08

Kjelde: SSB

### Oversikt veglengder for fylkesveg og kommunalveg med g/s- vegar i Bømlo kommune etter regionsreforma og utbygging av Bømlopakken:

År	Fylkesveg	Kommuneveg	G/s-veg kommune	G/s- veg fylke
2015 (pr 01 jan)	124,200 km	129,200 km	18,500 km	25,200 km
2020 (pr 01 jan)	125,376 km	129,695 km	14,053 km	27,102 km

Kjelde: NVDB

## 2.3 Visjon og målsetting



**Berekrftsdel-mål 3.6:** «Innen 2020 halvere talla på dødsfall og skader i verden forårsaka av trafikkulykker»



Nullvisjonen er grunnleggande for alt trafikktryggleiksarbeid i Noreg. Nullvisjonen er både ein vegvisar og ei retningslinje for mål i det vidare trafikktryggleiksarbeidet. Dette inneber blant anna at transportsystemet, transportmidlane og regelverket for åtfærd skal utformast på ein måte som fremjar trafiksikker åtfærd hjå trafikantane, og i størst mogeleg grad medverkar til at menneskeleg feilhandling ikkje fører til alvorlege skadar eller død. Ein visjon og målsetting om at det skal verta *null drepne og hardt skada* i vegtrafikken, er ei ambisiøs målsetting, og krev at alle innbyggjarar i Bømlo kommune bidreg med trygg åtfærd i trafikken. Kvar einskild trafikant, gåande, syklende og førarar av kjøretøy må vera bevisste på TS-risikoen i alle sine val og handlingar når ein ferdast i trafikken.



## 2.4 Samarbeidspartar



**Bærekraftsmål 17:** «For å lykkes med bærekraftsmålene trengs det nye og sterke partnerskap. Myndigheter, næringslivet og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå bærekraftig utvikling.»

Samarbeid med dei ulike etatar er viktig for at ein skal nå måla i Nullvisjonen og skapa best mogeleg trafikktryggleik på vegnettet i Bømlo kommune.



**Trygg Trafikk** er ein uavhengig landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggleiks- arbeidet i Noreg. Organisasjonen fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter som har ansvar for trafikktryggleiken.

Trygg Trafikk som organisasjon har høg kompetanse på altomfattande trafikktryggleiksarbeid og er såleis ein god støttespelar i kommunen sitt TS- plan arbeid.



**Statens vegvesen** har betydeleg veg- og trafikk- fagleg kompetanse. I gjennom 125 år har Statens vegvesen hatt sams vegadministrasjon og utført oppgåver for fylkeskommunane. Regjeringa har bestemt at frå 1. januar 2020 skal Statens vegvesen ha ansvar for riks- og europavegane og vil framleis vera den største aktøren innan vegtransport. Statens vegvesen vil ha drift og vedlikehald av denne delen av vegnettet. Statens vegvesen vil framleis og ha ansvar for å utvikla regelverk, handbøker, ha ansvar for trafikant og kjøretøy, NVDB, VTS osv.



**Vestland fylkeskommune**

Frå og med år 2020 er den nye fylkeskommunen Vestland fylkeskommune som har ansvaret for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken. Bømlo kommune fylgjer dei regionale føringane og samarbeider med Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen prioriterer trafikksikringstiltak som er basert på innspel frå kommunane og vil kunna stilla faglege og økonomiske ressursar til rådvelde. (sjå lenka under).




**Politiets** overordna mål med sitt trafikktryggleiksarbeid er å redusera talet på trafikkulykker for drepne og hardt skada. Politiets teneste skal særleg innrettast mot førebyggjande tiltak og virke, kontrollar og etterforsking av trafikkulykker samt iringteføring av trafikklovbrot. Politiet jobbar kunnskapsstyrt og prioriterer sin innsats på dei mest ulykkesutsette vegstrekningane/-stader med fartskontrollar, ruskontrollar, kontroll bruk av verneutstyr, førebygga og stansa aggressiv/farleg åtferd i trafikken og annan kriminell aktivitet langs veg. Politiet si overvaking av trafikken på vegane har stor preventiv påverknad for å hindra trafikkulykker. Dette spesielt mot kjøring i rus og fartsoverskriding.



**ATL** er autoriserte trafikkskulars landsamanslutning. Trafikkskulane er tillagt ei svært viktig rolle og skal gje framtidige sjåførar grundig opplæring i trafikktryggleik og åtferd i trafikken. Statens vegvesen har oversikt over dei godkjente trafikkskulane og ei sjekklste for korleis ein vel rett trafikkskule.

<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/avdeling-for-infrastruktur-og-veg/>

### 3. Trafikkbildet-ulykker 2015-2019




Sektordiagrammet viser registrert 23 trafikkulykker i perioden 2015-2019 der 1 er drept, 2 alvorleg skada og 21 personar med lettare skade.




Sektordiagrammet viser relativt høg andel MC-ulykker i forhold til bilulykker.

År	Antal ulykker	Antal skada	Antal drepte	Antal Hardt skada	Antal lettare skada
2010	12	25	0	1	24
2011	7	8	0	0	8
2012	8	11	0	1	10
2013	3	5	0	1	4
2014	6	7	0	1	6
2015	3	0	0	1	3
2016	3	3	0	0	3
2017	10	10	1	0	9
2018	4	4	0	1	3
2019	3	3	0	0	3

Tabellen over viser ulykkesutviklinga frå og med 2010 og til og med 2019.



Søylediagrammet over viser at Bømlo kommune framleis har låg trafikkulykkesfrekvens pr innbyggjar i forhold til andre kommunar i Hordaland.



Søylediagrammet over viser kunn tal trafikkulykker registrert pr kommune i Hordaland i perioden 2015-2019.

Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP) opererer med ein tiltaksplan der det maksimalt skal vera 500 drepne og hardt skada i trafikken i 2024 og maksimalt 350 drepne eller hardt skada i 2030. Ulykkessituasjonen i Bømlo kommune er stort sett uendra sidan førre TS- plan. Sektordiagramma og søylediagramma viser registrerte ulykker 2015- 2019.

## 4. Satsingsområde



**Berekraftsdel-mål 11a** : «Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige forbindelser mellom byområder, omland og spredtbygde områder ved å styrke nasjonale og regionale utviklingsplaner.»

Opp gjennom åra er ei rekkje trafikksikringstiltak gjennomførde i kommunen. Den generelle og framtidige samfunnsutvikling, samt kommunens vidare utbygging, vil krevja ei rekkje nye virkemidlar og endringar med målretta tiltak både fysisk og ikkje minst trafikantretta og haldningsskapande tiltak. Bømlo kommune med sin nye TS-plan har blant anna vald å satsa på barn og unge sin oppvekst med å tryggja veg til barnehage og skuleveg osv.

### Kort utdrag frå barnas transportplan, NTP 2018-2029:

*4.2.1 Barnas Transportplan Nasjonal transportplan 2018-2029 inneheld for fyrste gong eit eige kapittel om Barnas transportplan. Regjeringa vil:*

- *Legga til rette for at åtte av ti barn og unge skal velja å gå eller sykle til skulen*
- *Styrka trafikktryggleiken for barn og unge*
- *Legga vekt på barn og unges behov i planlegginga og utviklinga av transportsystemet*
- *At det skal leggest vekt på omsynet til barn og unge i lokal og regional planlegging*
- *Fylgja opp transportetatane når det gjelder omsynet til barn og unge i utviklinga av transportinfrastrukturen*

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/barnas-transportplan--for-fremtidens-trafikanter/id2548477/>

Det er viktig at skulebarn går eller sykklar til skulen og likefullt er det viktig at kommunen legg til rette mest mogeleg trygg skuleveg. Ei målsetting må vera at minst 80 % av grunnskuleelevane går eller sykklar til/frå skulen dagleg. Døme på satsingstiltak kan vera å etablera *Hjartesone* omkring skulane. Kommunen vil auka satsing på gang- og sykkelveggar slik at å gå eller sykla til skulen vil gje trygghet for elevane og foreldre. Likevel er det foreldra som har myndigheit til å avgjera når barna kan sykla til skulen. Skulane bør framleis omtala sykling og trafikktryggleiken i sitt reglement.

Foreldre og skule bør samarbeida om når barna er modne nok til å sykla til skulen. Før barna er trygge nok, kan foreldra trenast med dei med å gå eller sykla til skulen.

TS-planen oppfordrar skulane til å ta Aktiv transportkonseptet inn i sine TS- planar allereie frå 2020. På den måten kan dette bidra til at elevane får meir fysisk aktivitet.

Likeins er det viktig at *Aktiv transport*, jamfør Kommunedelplanen (KPS), bør TS-planen ha klima- og miljøinnspel da Bømlo kommune har som målsetting å kutta sine klimagassutslepp med 80 % innan 2030. TS-planen føreslår at konseptet «Miljøfyrtårn» eller ISO 39001 via KIWA vert aktivisert i Bømlo kommune. Nemnde satsingsområde er meir omtala i vedleggsdelen.

Eit anna satsingsområde er at alle innbyggjarar i kommunen reiser meir kollektivt og reflekterer over kvar sitt transportbehov og på den måten bidrar til å nå klimamåla. Fylkeskommunen og Statens vegvesen med Bømlo kommune skal medverka til at det vert meir attraktivt å reisa kollektivt i staden for å bruka privat bil.

- Døme på tiltak kan vera å setta opp fleir busskur langs vegnettet både på kommunale og fylkeskommunale vegar.
- Kommunen påverkar Fylkeskommunale ruteselskap til å tilby betre rutetilbod slik at det vert meir attraktivt å reisa kollektiv.
- Utbygging av strategiske knutepunkt for kollektiv og at reisande frå utkantar i kommunen kan parkera privatbilen trygt for så å reisa vidare kollektivt for langdistanse reiser.

<https://www.bomlo.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=11973&Filld=17009>

#### 4.1 Hjertesone



Trygg Trafikk har lansert eit konsept med *Hjertesone* for tryggare skuleveg. Kort forklara er *Hjertesone* eit omgrep som skal kunna tilpassast kvar einiskild barnehage og skule. Dette konseptet handlar også om å gjera området omkring barnehagane og skulane bilfritt og at det vert oppretta såkalla droppsoner framfor barnehage og skule. Etableringa av *Hjertesone* ved kommunens grunnskular vil medføra investeringar og tett samarbeid med Fylkeskommunen og Statens vegvesen. Nasjonal Transportplan og Fylkeskommunen har *Hjertesone* som eit satsingsområde.

Tiltaksmidlar frå overordna myndigheiter er forventa å kunna verta brukt til innføring av *Hjertesone* i kommunen. Dessutan forventar ein økonomiske tilskot og ressursar til fagleg planlegging.

Ein trygg *Hjertesone* omkring skulen kan gjera det lettare for elevane å gå og sykla til skulen. Bømlo kommune oppfordrar alle foreldre og føresette til å redusera kjøring av barna til skulen.

<https://www.trygqtrafikk.no/skole/hjertesone/>

<https://www.hordaland.no/nn-NO/vegoqtransport/trafikksikring2/tilskot-til-trygg-skuleveg-hjertesone-og-punktutbetring/>

#### 4.2 Aktiv transport



**Berekraftsdel-mål 3.4:** «Innen 2030 redusere prematur dødelighet forårsaket av ikke-smittsomme sykdommer med en tredel gjennom forebygging og behandling, og fremme mental helse og livskvalitet»

Det er ei nasjonal målsetting at minst 80 % av alle grunnskuleelevane går eller sykklar til skulen er ei god målsetting for skuleelevane. Realistisk målsetting må vurderast lokalt (jamfør busettingsmønster, kringsgrenser). Når mange barn og unge i åra frametter kjem til å bruka sykkel til skulen, er det viktig at kommunen tilrettelegg gode sykkelparkeringsanlegg. Fysisk aktivitet- ved å gå og sykla til skulen- betyr mykje for elevane si helse og skuleprestasjonar, og deira ansvarsutvikling for eige liv og det sosiale fellesskap.

Kommunen oppfordrar til at vaksne kjører minst mogleg til skulen og viser gode haldningsvanar og vert eit godt forbilde for elevane. Det er viktig at barn og unge får nok fysisk aktivitet i løpet av ein dag, og dermed etablerer gode reisevanar tidleg. Dei som går og sykklar tidleg i livet, er meir tilbøyelege til å gjera det seinare i livet. Derfor er *Hjertesone* for tryggare skuleveg også eit folkehelseiltak. Trafikkoppdragning med oppleving av trivsel og trygghet samt forståing for eiga helse, er ein livslang læringsprosess.


<https://www.toi.no/aetfile.php/1335904/Publikasjoner/T%C3%98I%20rapporter/2014/1310-2014/1310-2014-sam.pdf>

## 4.3 Miljø- og klimatiltak



**Berekraftsdel-mål 13.3:** «Styrke enkeltpersoners og institusjoners evne til å motvirke, tilpasse seg og redusere konsekvensene av klimaendringer og deres evne til tidlig varsling, samt styrke kunnskapen og bevisstgjøringen om dette».

Jamfør FNs Bærekraftsmål. Bømlo kommune har med sin KPS- plan bestemt at Bømlo skal kutta sine klimagassutslepp med 90 % innan 2049. Trafikksikringsplanen skal såleis integrera dette gjennom heile planen.



Generelt er mobiliteten aukande i samfunnet og dersom ein skal nå FNs Bærekraftsmål innan 2030, må det til eit betydeleg skifte i samfunnet både lokalt og interkommunalt. Trafikksikringsarbeidet og generell transport må difor iverksetta endringar med tiltak slik at klimamåla kan verta nådd.

Kjelde: Klimaforskingscenteret Cicero

Sektordiagrammet ovanfor viser kva transportmiddel vi brukar i prosent i dagens samfunn. Merk at transport med bil (67%) er med både elbilar, hybrid bilar, vanlege diesel og bensinbilar medrekna. Alle bør bidra med sitt og reflektera over sitt behov og val av transportmiddel. På den måten kan ein vera med på å redusera klimagass- utsleppa. Nokre døme nedanfor:

- Alle bør reflektera over sitt eige transportbehov, til dømes å kjøra mindre, heller gå eller sykla når det er mogeleg.
- Alle bør tenka over om det er mogeleg å reisa meir kollektivt.
- Alle bør tenka over helsegevinsten med å gå eller sykla meir i staden for å nytta bil eller andre kjøretøy som slepp ut klimagass.
- Alle bør tenka over sitt eige energi forbruk, høgt forbruk av materiell og anna utstyr som genererer meir transport og dermed meir klimagass- utslepp.
- Alle bør medverka til at lokalisering av bedrifter og andre institusjonar, vert plassert slik at ein kan reisa meir kollektivt til/frå arbeid.

<https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>



Prosjektgruppa for TS-planen tilrår at flest mogeleg etatar og private bedrifter vert sertifisert i styringssystem som kan vera eit verktøy for alle bedrifter til å arbeida med berekraftig utvikling som energi, miljøvenleg transport, arbeidsmiljø, avfallshandtering og mange fleire tiltak som støttar miljø og berekraftig utvikling. Det er allereie fleire bedrifter i Bømlo kommune som er sertifisert som «Miljøfyrtårnbedrift», deriblant ein barnehage. Bømlo kommune er i gang med å verta miljøfyrtårnsertifisert i 2020.



Andre godkjennings alternativ, til dømes ISO 39001 KIWA, som blant anna handlar om ein ny standard for trafikktryggleik- godkjenning i private og offentlege bedrifter.

Ei godkjenning inneber til dømes at leiinga ved einingane i Bømlo kommunen skal jobba systematisk med berekraftige miljøtiltak i kvardagen og skal saman med brukarar (elevar, foreldre m. fl.) iverksetta tiltak for meir klima- og miljøvennlege løysingar; bl.a. sykla, gå, reisa kollektivt eller samkjøra til/frå arbeidsstad, samlingar osv., samt ivareta arbeid med trafikktryggleiken.

<https://www.miljofyrtarn.no/virksomhet/godkjenninga/slik-blir-du-sertifisert/>

#### 4.4 Regodkjenning som Trafikksikker kommune



Bømlo kommune var godkjend som Trafikksikker kommune i førre TS- plan periode, 24.11.2017, og planen er forankra i fylket sin trafikksikringsplan. Føringar som var vedtekne JF. kap. 8, i førre TS-plan (*sjå lenka under*), er basert på at alle i kommunen skal bidra med sitt for at Bømlo kommune skal nå måla i *Null visjonen*. I eit moderne samfunn der transport og reiser skjer i mykje større grad no enn for nokre 10- år attende i tid, lyt ein tenka meir omfattande og heilskapleg i trafiktryggleiksarbeidet.

Trafikksikker kommunekonseptet synes å vera ein suksess og Bømlo kommune vil fortsetta arbeidet med trafikksikker kommune, og det er viktig at alle i Bømlo kommunen bidrar til at dette konseptet vert vellukka. Fristen for regodkjenning er sett til november 2020.

I vedleggsdelen for haldningsskapande TS- arbeid har denne planen fleire nye satsingsområde som blant anna har tiltak med rettesnor for berekraftig miljø og klimasatsing.

<https://www.bomlo.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=1&FillId=14653>

## 5. Økonomi



Økonomien er svært viktig for å utføra flest mogelege TS-tiltak. Konseptet «trafikksikker kommune» krev meir innsats frå alle ledd i kommuneleiinga og dette inneber at kommunen lyt setta av meir midlar til trafikksikringsarbeidet.

Kommunen legg opp til årlege løyvingar på kr 2,0 mill. kr. Utover dette er det omlag 3 mill. av unyttta midlar som er sett av til TS- tiltak. I tillegg vil kommunen søkja om tilgjengelege midlar frå fylkeskommunen og andre private for å finansiera tiltaka i planen.

På grunn av fylke- og kommunereforma, har det ikkje lukkast å få eksakte budsjetterte tal. I alle høve vil Trafikksikker kommunearbeidet stimulera til auka tildeling av fylkeskommunale midlar.

## 6. Organisatoriske tiltak

Det verkelege resultatet av Trafikksikker kommunekonseptet skal visast att med dokumentasjon frå dei ulike partar. Det vil seia at barnehagar, skular, kommunale einingar og andre aktørar, skal visa kva dei har fått utført gjennom året. Da er det viktig det vert ei årleg evaluering med at sjekklister for kvar einskild eining i kommunen vert dokumentert.

Jamfør TS- plan 2016-2020. Det er tilråd at *Folkehelseforumet* i kommuneadministrasjonen har delegert ansvar og skal fylgja opp TS- planen årleg. Da no Folkehelseforumet ikkje lenger er i virke, er det no bestemt at *strategisk leiargruppe* er utvalet som heretter skal ha ansvaret for trafiktryggleiken i Bømlo kommune. Ei årleg rutinemessig oppfølging er viktig for vidare regodkjenning som Trafikksikker kommune.

## 6.1 Oversikt vidareføring av tiltak for trafikktryggleiksarbeidet 2020-2024

### Overordna kriterier for trafiksikker kommune

- Kommunen har forankra ansvaret for trafiksikringsarbeidet hjå ordføraren og rådmannen. Delansvaret skal ligga hjå den enkelte einingsleiar.
- Kommunen har eit utval med ansvar for trafikktryggleiken.
- Kommunen har innarbeida trafikktryggleiken i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttenester.
- Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- Kommunen har ein trafiksikringsplan som er forankra i fylket sin trafiksikringsplan. Planen har rullering- og rapporteringsrutinar. Planen skal ivareta både haldningsarbeidet/trafikkretta- og fysiske tiltak.
- Kommunen har innarbeida kriterie/sjekkliste for kommunens sektor (HR, barnehage, skule, kultur og veg).
- Kommunen påverkar lag og foreiningar til å innarbeida reglar for trafikktryggleiken i si verksemd.

Noko av strategien frå førre TS- plan var at kommunen skulle arbeida aktivt for å oppnå tilstandsmål på ein del prioriterte område:

- Auka del som brukar bilbelte, refleks, bakovervendt barnesikring (barnestol) og bruk av sykkelhjelm.
- Redusera talet på bilistar som overskrid fartsgrensa.
- Arbeida målretta for at fleire går og sykklar til skulen.
- Alle skular er godkjente som trafiksikker skule.
- Alle barnehagar er godkjente som trafiksikre barnehagar.
- Bømlo kommune godkjent som trafiksikker kommune.



## 6.2 Oppfølging tiltak Trafikksikker kommune i 2020-2024

Årleg oppfølging av tiltak	Ansvar/oppfølging
<p><b>Barnehagar:</b>  <u>JF tabell 7.1</u>            - Tilfredsstill alle barnehagar kriteria for «Trafikksikker barnehage»?            - Har alle tilsette barnehagane hatt kompetansehevingskurs i regi av Trygg Trafikk.?</p>	Strategisk leiargruppe/ Leiar av kvar einskild barnehage, JF barnehagens TS-plan/årsplan.
<p><b>Skular:</b>  <u>JF tabell 7.1</u>            - Tilfredsstill alle skular kriteria for «Trafikksikker skule»?            - Er rutinar for sikker skuleskyss/bussvet innført?, gjeld alle skulebussane.            - Er innføring av «Aksjon skulestart», innført som fast tiltak?            - Har elevar på mellomtrinnet fått sykkelopplæring og har lærarar fått sykkelopplæringskurs?            - Har kommunen sørga for at alle ungdomsskulane fått naudsynleg kompetanse for å tilby valfaget trafikk på ungdomstrinnet?</p>	Strategisk leiargruppe /rektor og eller JF skulen sin TS-plan/årsplan.
<p><b>Bømlo kommune, ansvar for innbyggjarane si helse og trivsel:</b></p> <p>-Er det gjennomført trafikktryggleikskurs for dei tilsette ved helsestasjonar og familiesenter?            - Har kommunens frivillige organisasjonar fått implementert reisepolicy i eiga verksemd knytt opp mot kommunen sin kulturstøtteordning?            - Har kommunen sendt ut informasjon om fylkeskommunale tilskotsordningar til relevante kommunale instansar samt frivillige organisasjonar?            -Har kommunen fått utarbeida ei oversikt over trafikkulykker og trafikkskade i kommunen (årleg)? Oversikten skal gjennomgåast i kommunen si leiargruppe.  <i>- Folkehelselova § 5 seier at kommunen skal ha nødvendig oversikt som identifiserer folkehelse-utfordringane. Forskrift om oversikt § 5 seier at kommunen skal utarbeida eit oversiktsdokument kvart 4 år. Data frå oversiktsdokumentet vert nytta i trafikksikringsarbeidet.</i></p>	Strategisk leiargruppe
<p><b>Bømlo kommune som arbeidsgjevar:</b></p> <p>-Har kommunen innført retningslinjer for arbeidsreiser for alle kommunalt tilsette?            -Er det gjennomført kjørekurs for alle tilsette som er avhengig av å kjøra bil for å utøva sine arbeidsoppgåver?            - Har kommune påverka dei tilsette å nytta refleks (<i>refleksdagen i oktober</i>) i dei ulike aktivitetar?            -Har kommunen årleg gjennomført aktivitetar som skal stimulera til å sykla meir, samt å bruka sykkelhjelm?            -Har alle kjøretøy som kommunen har anskaffa fått montert alkoholås?            -Har kommunens HR-avdeling utarbeide plan for kompetanseheving innafør temaet trafikktryggleik?</p>	Strategisk leiargruppe /HMS og verneombod ansvarlege i kommunen
<p><b>Kompetanseheving:</b></p> <p>-Er det gjennomført årlege kurs i livreddande fyrstehjelp, skadestadbehandling m.m. for tilsette i kommunen?            -Er det gjennomført relevante kurs for barnehagetilsette, lærarar og helsepersonell etter oppsett plan? (<i>JF 8.1.1, 8.1.2 og 8.1.3 i førre TS-plan</i>)            - Er det gjennomført ein årleg konferanse med trafikktryggleik som tema for kommunens tilsette og andre relevante samarbeidspartar?</p>	Strategisk leiargruppe

## 7. Oppsummering

Denne nye TS-planen er blant anna tufta på FN sine berekraftsmål. Vidare er TS- planen utarbeida med rettesnor i Statens vegvesen si handbok V722, kommunale trafikksikringsplanar. TS- planen skal gje best mogeleg samspel mellom alle trafikantgrupper i Bømlo kommune. Likefullt må transportbehovet vera tufta på FN sine berekraftsmål. Satsingsområda som til dømes tryggleik for barn og unge til og frå skule, skal fortsetta dei neste fire åra. På landsbasis er det ingen barn og unge under 16 år som har omkomme i trafikken i 2019. Denne positive trenden vil Bømlo kommune bidra med sitt for å oppretthalda i sin nye TS-plan.

TS- planen oppfordrar både kommunen og alle andre bedrifter til å sertifisera seg som Miljøtårnbedrift eller til dømes ISO 39001 godkjenning- ordningar via KIWA og dermed bidra til ytterlegare for å nå miljø- og klimamåla.

Planen tek sikte på å stimulera folkehelsa generelt med at flest mogeleg vert meir fysisk aktiv som til dømes å gå og sykla meir både til skule, jobb og fritidsaktivitet.

Med omsyn til vedleggsdelen er både trafikantretta og haldningsskapande tiltak samt fysiske tiltak meir spesifisert lokalt. Når det gjeld innspel frå innbygarane er det ei mengd forslag som er komne inn både før og etter fristen for innsending av forslag, i alt 119 innspel. Av økonomiske grunnar vert det ikkje rom til alle innspel da ein må prioritera utifrå TS- risiko og økonomi.

<https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

***Vedleggsdel***  
***TS- plan 2020-2024***



## 8. Innleiing og oversikt trafikantretta og haldningsskapande tiltak

Haldningsskapande tiltak er ein særst viktig del i ein trafikksikringsplan. Ofte vert omgrepet haldningsendring og læringsendring forveksla og omtalt som same sak. Alle undersøkingar viser at læring allereie frå barnehageåra og til og med ungdomsskuleåra og vidare, er ei livslang læring som kvart einskild individ som trafikant vil ha med seg gjennom heile livet. Bakgrunnen for konseptet Trafikksikker kommune er nettopp læring om trygg ferdsel i trafikken frå tidlege barneår. Det vert såleis ei livslang læring. Det er dermed ikkje sagt at kampanjar for haldningsendring når ein er tilårskomen, er nyttelaust, men vert kanhende lettare «gløymt» desto eldre ein vert.

Etter gjennomgang av trafikksikringsplanane for skulane og barnehagane i Bømlo, viser det seg at alle lærarar og andre tilsette har teke trafikktryggleiksarbeidet på alvor. Tabell frå førre TS-plan, tabell om kriterium for trafikksikker barnehage og skule, er like aktuell i denne nye TS- planen og vert difor vidareført.

[https://files.motocross.io/trafikksiden/TOI\\_rapport\\_0727\\_2004.pdf](https://files.motocross.io/trafikksiden/TOI_rapport_0727_2004.pdf)

## Oversikt trafikantretta og haldningsskapande tiltak


### Oversikt fysiske tiltak








Tabell 7.1; Haldning og læringstiltak retta mot barn og unge

Haldning og læringstiltak retta mot barn og unge			
Kriterie for trafikksikker barnehage og skule			
	Tema	Ansvarleg	Kommentar/informasjon/oppfylgning
<b>Barnehage</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Barn får enkel opplæring i reglar for fotgjengarar.</li> <li>✚ Barn lærer om ulike skilt.</li> <li>✚ Trena barn i ulike situasjonar i trafikken.</li> <li>✚ Barn lærer trygg åtfærd for kryssing av veg og gangfelt, ikkje kryssa vegen før bilen har stansa.</li> <li>✚ Barna lærer om refleksbruk, sykkelhjelm og bilbelte</li> </ul>	Barnehage styrar Barnehagens årsplan Barnehagekoordinator	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen skal ha gjennomført opplæring i tråd med årsplanen.</li> <li>• Barnehagen skal ha utarbeida retningslinjer for turar til fots, med bil/buss.</li> <li>• Det skal vera retningslinjer for tilsette og foreldre kor dei skal parkera bilar.</li> <li>• Barnehagen skal årleg ha om trafikktryggleik som tema på foreldremøte.</li> <li>• Barnehagen skal ha utarbeida rutinar for ulykkeshandtering.</li> <li>• Barnehagens leiing skal ha kartlagt risikofaktorar ved barnehagens nærområde, parkering, kryssingspunkt og belysning.</li> </ul> <p><b>* Nemnde tiltak skal først inn i sjekkliste som skal rapporterast vidare til Folkehelseforumet i Bømlo kommune.</b></p>
<b>Barne- og ungdomsskule</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Lære om påbod sykkelhjelm.</li> <li>✚ Lære om sykkelvett, sykkeltraining og teori.</li> <li>✚ Lære om sykkelreglar.</li> <li>✚ Lære om personleg verneutstyr, sykkelhjelm, refleks og bilbelte.</li> <li>✚ Læring om sykkelreglar for gåande og syklistar, integrert del av undervisninga.</li> </ul>	Rektor og andre med delegert ansvar ved skulen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeida rutinar for ulykkeshandtering.</li> <li>• Skulen skal ha nedfelt retningslinjene i internkontrollsystemet.</li> <li>• Skulen skal årleg ha trafikktryggleik som tema på foreldremøte.</li> <li>• Skulen skal ha trafikkansvarleg lærar.</li> <li>• Skulens leiing skal ha kartlagt skulens nærområde med omsyn til risikofaktorar, også parkering, kryssingspunkt, belysning, vegetasjon m.m.</li> <li>• Kartlegging og eventuelle forslag skal sendast til kommunen si leiargruppe.</li> </ul> <p><b>* Nemnde tiltak skal først inn i sjekkliste som skal rapporterast vidare til Folkehelseforumet i Bømlo kommune.</b></p>

Tabell 7.2; Oversikt andre kampanjar for meir stimulerande fysisk aktivitet


Oversikt andre kampanjar for meir stimulerande fysisk aktivitet			
Kampanje	Aktør	Kategori	Kommentar
<p><b>Sykla til jobben</b></p> 	 	<p>Kampanjen handlar ikkje berre om å sykla, men mange andre fysiske aktivitetar</p>	<p>Påmelding til til kampanjen via linken under</p> <p><a href="https://www.sykletiljobben.no/p/23872/hjem">https://www.sykletiljobben.no/p/23872/hjem</a></p>
	  	<p>Praktisk opplæring for barn.</p>	<p>Sykkeldyktig.no er et samarbeidsprosjekt mellom Trygg Trafikk, Norges Automobil-Forbund, Syklistenes Landsforening og Norges Cykleforbund. Prosjektet får støtte frå Samferdselsdepartementet og Gjensidigestiftelsen.</p> <p><a href="https://sykkeldyktig.no/nn/om-sykkeldyktig-2/">https://sykkeldyktig.no/nn/om-sykkeldyktig-2/</a></p>
<p><b>Norges største gå-til-skulen aksjon</b></p>	 	<p>Målet med Beintøft er at flest mogleg skal velja ein berekraftig måte å komma seg til og frå skulen på. Dette inneber for eksempel å gå, sykla eller reisa kollektivt til skulen. Dette er bra for luftkvalitet, trafikktryggleiken, helse og miljø. TS-planen tilrår at alle barneskule- elevar melder seg på. Kampanjen har klima, miljø og helse som hovud fane. Barneskulane vert oppfordra til å ta dette med i sin trafikksikringsplan.</p>	<p><a href="https://miljoagentene.no/beintoft-2019/category624.html">https://miljoagentene.no/beintoft-2019/category624.html</a></p>

Tabell 7.3; Trafikantretta tiltak 2020-2024

Trafikantretta tiltak 2020-2024				
Haldningsskapande tiltak				
Type kampanje		Aktørar	Kategori	Kommentar
Ungdom og farts-kampanje		Politiet Vlfk Bømlo kommune Trygg Trafikk	Kontroll tiltak  Info tiltak	Fartskampanjar har god effekt mot overskriding fartsgrensa.  Politiet utarbeider plan for slike fartskontrollar utifrå sine ressursar. Vlfk og Trygg Trafikk gjennomfører infotiltak utifrå sine ressursar og årsplanar. <a href="https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/fart/ungdom-og-fart?lang=nn">https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/fart/ungdom-og-fart?lang=nn</a>
Takk for merksemda		Vlfk	Nasjonal trafiktryggleikskampanje	Kampanjen er ein del av oppfølging frå NTP 2018-2029 Kampanjen vil gå fram til 2022 <a href="https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/oppmerksomhet/">https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/oppmerksomhet/</a>
Refleksbruk- kampanje		Bømlo kommune	Info tiltak	Bømlo kommune markerer nasjonal refleksdag  Trygg Trafikk gjennomfører også info om bruk av refleks <a href="https://www.tryggetrafikk.no/refleks/">https://www.tryggetrafikk.no/refleks/</a>
Del vegen- kampanje		Vlfk Trygg Trafikk	Info tiltak	Statens vegvesen gjennomfører informasjonskampanje etter sin årsplan. Trygg Trafikk samarbeider med Statens vegvesen om slike kampanjar. <a href="https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/del-veien">https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/del-veien</a>
MOT		Bømlo kommune	Tiltak for barn og unge som treng hjelp	Bremnes ungdomsskule, Hillestveit barne og ungdomsskule samt Moster barne og ungdomsskule er registrert som MOT skule <a href="https://www.bomlo.kommune.no/tenester/skule-og-oppvekst/bremnes-ungdomsskule/">https://www.bomlo.kommune.no/tenester/skule-og-oppvekst/bremnes-ungdomsskule/</a>



Haldningsskapande tiltak				
Type kampanje		Aktører	Kategori	Kommentar
Sykkelkids- kampanje		Norges cykleforbund Bømlo kommune Trygg Trafikk	Info tiltak	Norges cykleforbund samarbeider med Trygg Trafikk og Bømlo kommune  <a href="https://www.sykling.no/">https://www.sykling.no/</a>
Repetisjon for bilførere 65+		Statens vegvesen	Oppfrisking av kjøreferdigheter	Statens vegvesen inviterer til praktisk kurs og kurset er gratis. Påmelding via linken under.  <a href="https://www.vegvesen.no/s/e-lering/65plussTipsBilforere/index.html">https://www.vegvesen.no/s/e-lering/65plussTipsBilforere/index.html</a>
Sikring av barn i bil		Vlfk Bømlo kommune  Politiet  Trygg Trafikk	Kontrolltiltak  Info tiltak	Kampanje for rett sikring av barn i bil er eit samarbeid med Politi, Vlfk og Trygg Trafikk.
Europeisk mobilitets veke 29-30		Kommunen samarbeider med ulike aktører	Generelt oppfordrar ein folk til å bidra til mindre biltrafikk i sentrums områder, bruka miljøvennlege transportløyisingar, f.eks. å sykla og gå. Kommunen samarbeider med ulike aktører	Denne type kampanje vert årleg arrangert 16-22 september.  <a href="http://www.mobilitetsuken.no/">http://www.mobilitetsuken.no/</a>

Haldningsskapande tiltak				
Type kampanje	Aktørar	Kategori	Kommentar	
Månadlege HMS plakatar frå Trygg Trafikk	 Holder du deg innenfor fartsgrensene? Det er viktig å stoppe tidlig. BØMLO KOMMUNE	Trygg Trafikk er utgjevar av nyttig TS-informasjon	Info tiltak	Vert utgjeve ein plakat i månaden og følg lenka under for meir info. <a href="https://www.tryggetrafikk.no/trafiksikker-kommune/hms-plakater/februar/">https://www.tryggetrafikk.no/trafiksikker-kommune/hms-plakater/februar/</a>

## 9. Innleiing oversikt fysiske tiltak

Fysiske tiltak er og ein viktig del av ein trafikksikringsplan. Vegsystemet må utformast for alle trafikantgrupper, gåande, syklande og biltrafikk. Trafikktryggleiken langs veg til barnehage og skule har fått høg prioritet i vurderinga av ulike tiltak. Mange vegstrekningar manglar separering mellom gåande, syklande og biltrafikk. Eit anna tiltak er å tilrettelegga snarveggar eller såkalla *Barne- trakk*. Mange stader kan dette byggast og på den måten unngår ein at barn ferdast direkte i biltrafikken.

«*Barne- trakk*» undersøkingar viser at barn opplever deler av skulevegen som trafikkert og prega av mykje støy, noko som gjer da skummelt å kryssa vegen. Fleire skulevegkryssingar og der randbygging med bustader er tett inntil trafikkert veg, er ei utfordring å sikra. Planfri kryssing er utvilsamt den sikraste løysing, men dessverre kostar til dømes ein undergang mellom 5-10 mill. kroner alt etter lengde osv.

Det er også ein del busslommer som ikkje er tilfredsstillande utforma og som ikkje har busstur. Det er viktig at det vert sett opp fleir busstur som og kan gjera at det vert meir attraktivt å reisa kollektivt. Det er også viktig at busslommene vert belyst.

Veglys er og eit viktig ts-tiltak spesielt der det ferdast barn og unge til og frå skule. Veglys har god effekt mot mørkeulykker og for generell tryggleikskjensle. Oversikt veglys er sett opp i eigen tabell

Prioriteringane er gjort utifrå:

- Barnehage, skule og skuleveg.
- TS-risiko og kost/nytteverdi.
- Blanda trafikk, gåande og syklande med biltrafikk.
- Framtidig utbygging av vegsystemet Jf. Bømlopakken.

For ein del prioriterte tiltak er det laga enkle skisser i prosjektark for å illustrera forholda. Det er tabelloversikt frå førre plan, tiltak som vart gjennomført og dei som ikkje vart utført. Kostnadsoverslaga er ikkje eksakte og er berekna utan mva.

I vurderinga av ulike tiltak frå alle innspela er Statens vegvesen sine handbøker nytta i prioriteringa. For dei fleste innspela er det føreteke ei risikovurdering ut frå gjeldande handbøker som HB V721, risikovurdering i vegtrafikken.

Mange av dei som har sendt inn innspel, vil ha redusert fartsnivå og at det vert fysiske tiltak med å leggja asfalthumpar. Desverre kan ein ikkje leggja asfalthumpar over alt, det vil medføra at slike veggar vert slitsame å kjøra, dette spesielt for bussar og lastebilar. Kanhende ein slepp å leggja så mange asfalthumpar dersom alle sjåførar er bevisste på sitt ansvar med å ha rett fartstilpassing etter forholda.

Trafikktryggleiken ikring skulane er ved fleire skular ikkje tilfredsstillande og TS- planen har vald å fremja *Hjarteseone konseptet* som eit forbedringstiltak som er omtala i hovuddelen i TS- planen. Skular som Rubbestadneset barneskule, Hillestveit barneskule og Våge skule har behov for TS- tiltak.

Tabell for evaluering av utførte tiltak i førre TS- plan, viser at Bømlo kommune har fått utført over 66 % , medrekna påbegynt og med planlegging.

## 10. Vurdering av fareklassar skuleveggar

I fylgje rundskriv frå Utdanningsdirektoratet, Udir.-2- 2019, er det gjeve presiseringar og føringar for korleis kommunane skal vurdere *særleg farleg eller vanskeleg skuleveg* og fri skuleskyss. Det er etterkvart kome endringar på vegnettet i kommunen som fylgje av utbygginga av Bømlopakken.

I fylgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv Udir-2-2019, skal det gjerast ei objektiv vurdering av den aktuelle vegen om den er *«særliq farliq eller vanskeleg skolevei»*. I tillegg skal det gjerast ei subjektiv vurdering om den einskilde elev har føresetnad til å ferdast trygt nok på den aktuelle vegen. Til dømes barnets alder, syn, høyrsel og eventuelle andre funksjonshemmingar hos den einskilde elev. Det er gjort ei klassifisering på objektivt grunnlag av dei aktuelle skulevegane i Bømlo kommune. (tabell 9,1). Merk at fri skuleskyss gjeld ikkje transport frå SFO.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleskyss/udir-2-2019-retten-til-skyss1/2.-nar-har-eleven-rett-pa-skoleskyss/2.1-lang-skolevei/>

[https://www.vegvesen.no/attachment/1047598/binary/1063988?fast\\_title=Statens+vegvesen+rapport+nr.+439+-+Attraktiv+skoleveg.pdf](https://www.vegvesen.no/attachment/1047598/binary/1063988?fast_title=Statens+vegvesen+rapport+nr.+439+-+Attraktiv+skoleveg.pdf)

[https://www.tryggtrafikk.no/wp-content/uploads/2017/10/Farlig\\_skolevei\\_veileder.pdf](https://www.tryggtrafikk.no/wp-content/uploads/2017/10/Farlig_skolevei_veileder.pdf)

Tabell 9.1; Klassifisering skulevegar 2020-2024

Klassifisering skulevegar 2020-2024			
Skulekrins	Vegstrekning	Fare klasse	Merknad/vurdering på alderstrinn
<b>Foldrøy</b>	KV 1226 Myro-Folderøy	2	
	Kryss KV 1226/1201 sør- Kryss KV 1226/1201 nord	3	
<b>Svortland</b>	Brekke-Sjøvollen - Laurhammarkjosen FV 5002	1	
	Kryss Sævrudsøy/Djupedalen-Laurhammarkjosen FV5004	2/3	
	Sjøvoll-Olakjosen KV 1076/FV 4998	1	
	Alvsvågakrysset-Tverråna- Svortland sør FV 5012	1	
	Nordre Sele KV 1065-Kryss FV 5004 Hollund	2	
<b>Rubbestadneset</b>	Furenesvegen PV 1007	3	
	Frå Stongarvågen nord til KV 1178	1	
<b>Meling</b>	Kryss Sønstabø- til avslutning g/s-veg i nord	2	
	Bjøllledalen- Nesse KV 1178	2	
<b>Gilje</b>	Erslandskrysset FV 541- Gilje skule FV 23	1	
	Alvsvåg vegen KV 1173	2	
	Ådnanes vegen KV 1166	2	
<b>Våge</b>	FV 541 X Sakseid-Kanalen-Våge skule	1	
	FV 541 Lyklingskogen-Våge skule	1	<i>Vurd. på ny når ny parsell vert opna</i>
	KV 1153 Vordneskrysset-Våge skule	3	
	Vordnes-Steinsvåg KV 1154	3	
<b>Moster</b>	FV 542 Skimmelandsdalen- Moster Sparebank	1	
	FV 542 Røyksundkanalen-Skogbu	3	
	Sion- Grindheimsvågen kai – FV 5000 og KV 1111	3	
	Grindheimskrysset- Totland KV 1116 og FV 5000	3	
	Eikeland-Angelvik KV 1124 og 1125	3	
	Røyksundkanalen- Håvik KV 1130	3	
	Klubben-Håvik FV 4996	2	
<b>Hillestveit</b>	Veg til Bømmelhamn KV 1093	3	
	Veg til Kallavåg FV 4992	3	
	Veg til Eidesvik FV 4994	3	
	Veg til Andal fram til Vorland KV 1085	3	
<b>Goddo</b>	Veg til Katla KV 1193	3	
<b>1 = Klassifisert etter TS-risiko- vurdering som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. (JF. rundskriv: Retten til skyss Udir-2-2019)</b>			
<b>2 = Middels TS-risiko</b>			
<b>3 = Låg TS-risiko</b>			

## 11. Oversikt utførte tiltak 2016-2020 og prioriterte tiltak 2020-2024

Raud markering - **Ikke utført**  
 Gulmarkering - **Under arbeid eller planlegging**  
 Grøn markering - **Utført**

Tabell 9.2; Oversikt utførte strakstiltak frå førre plan

Pri	Prosjekt namn	Inns nr	Veg Id	Planst.	Kostn. mill kr	Merknad
1	Snuplass for skulebuss på Nessevegen	18	Kv 1178	Enkel skisse Kart 1	0,350	Frå førre ts-plan. Tiltaket krev grunnavståing, høg prioritet <b>Under arbeid</b> . Reg. plan, ført i tab. 9.6
2	Utarbeida reguleringsplan for Kv Ramskleiva-Rubbestadneset barneskule	2	Kv 1013	Enkel skisse Kart 3	0,350	Sikring av denne skulevegen må få høg prioritet Bygging av fortau kan ikkje starta før reguleringsplan føreligg. <b>Ikke utført</b> Oppattført i tab. 9.5 og 9.6
3	Fortau Bekk –Svortland sentrum	6	Fv14	Enkel skisse Kart 5	1,500	Tiltaket var ikkje med i førre plan men får høg prioritet, krev delvis grunnavståing. Statens vegvesen er vegansvarleg <b>Utført</b> 2018
4	Forlenga g/s-vegen til gangfelt, kryss Kåso	Prosj.gr	Fv541/11	Enkel skisse Kart 8	0,220	Gangfelt og g/s-veg er ikkje knytt saman. Sv er vegansvarleg <b>Utført</b> 2016
5	Oppgradera busslomme og bygging ei ny busslomme Grunnvågen- Hestavollen	14	Fv15	Enkel skisse Kart 2	0,650	Det er mange skuleborn som nyttar denne busstoppen. Statens vegvesen er vegansvarleg <b>Utført</b> april 2018
6	Veglys Totland-Grunnvågen	14-15	Fv15	Enkel skisse Kart 13	0,850	Dette tiltak var med i førre ts-plan Tiltaket har høg prioritet, Statens vegvesen er vegansvarleg <b>Utført</b> des. 2017
7	Strekningen Thormodsæter-Mælandsvåg. Diverse tiltak JF førre ts-plan.	7-9	Fv 23	Skisse og forslag frå førre ts-plan	0,300	Viser til prosjektark førre ts-plan. Innspel 20. Disse tiltaka på strekningen bør samordnast og utførast under ein entrepriser. <b>Utført</b> 2016
8	Defekt rekkverk på Habbestad	3	Fv17	Ingen skisse	0,075	Rekkverket er defekt og er trafikkfarleg, må reparerast straks <b>Utført</b> 2017
9	Sikring av gangfelt på Folderøy	24	Fv 542	Enkel skisse Kart 12	0,150	Statens vegvesen vurderer tiltak for sikring gangfeltet med eventuell ts-inspeksjon/risikovurdering <b>Ikke utført</b> . Oppattført i tab. 9.7
10	Siktutbetring kryss til Melandsvågen	Prosj.gr	FV23/Kv1168	Enkel skisse Kart 11	0,100	Sikten i krysset retning Alvsvåg er ikkje tilfredsstillande. Siktutbetringa bør verta eit samarbeidsprosjekt mellom Vlfk og Bk <b>Utført</b> 2016
11	Sikre vegkant med nytt autovern, strekning Hidle-Våge skule	48-66	Fv 541	Ingen skisse	0,100	Varmur er defekt og det må sikrast med nytt autovern. Ny vegtrase vert bygd til Våge skule, iflg vegmodell. 21300. <b>Ikke utført</b> . Oppattført i tab.9.5

Pri	Prosjekt namn	Inns nr	Veg Id	Planst.	Kostn. mill kr	Merknad
12	Veglys Våge - Vordnes- Steinsvåg	15 frå førre plan	Kv 1153-1154	Ingen skisse	0,500	Veglys er etterslep frå førre ts-plan og vert prioritert høgare i denne planen. <b>Utført</b> 2017
13	Ekstra veglys Skulevegen på Langevåg	71	Kv 1099	Ingen skisse	0,040	Innsendar ber om at dette vert utført da det har betydning for trafikktryggleiken i området. <b>Utført i</b> 2019
14	Moster Grendautval, MGU, har etterlyst oppstart reguleringsplan arbeidet for strekningen Skimmelandsdalen-Moster	17	FV 542	Ingen skisse	0,400	Oppstart reg.plan er omprioritert etter kommunestyre- handsaming 20.06.2016. <b>Under arbeid</b> Oppattført tab. 9.6
15	Ts-tiltak sirkusplassen Svortland skule	70	Kv 1025	Enkel skisse Kart 14	0,750	FAU Svortland skule har bedt om ny vurdering av ts-tiltak <b>Utført</b> 2018
16	Innkjørsel til barneskulen vert stengd for bilar	16	Kv 1025	Ingen skisse	0,020	Vert tilrådd for at kjøretøy ikkje skapar farlege situasjonar inne på skuleområdet <b>Utført</b> 2018
17	Opparbeida gangareal frå busslomme og fram til kryss på Innvær	Prosj.gr	Fv541	Enkel skisse frå førre plan	0,090	Tiltaket var prioritert i førre plan, denne vegen har no mindre trafikk, vegen er ikkje omklassifisert til KV. Søkt om tilskot frå fylke men avslage. <b>ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.7
18	Trafikksikringsmidlar for Børøyvegen og Andalvegen	51	Kv 1151 Kv 1085	Ingen skisse	0,480	Tiltaket gjeld reparasjon av vegkant og oppsett autovern <b>ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.7
19	Nesse gardslag har bede om oppstart reguleringsplan	18	Kv 1178	Ingen skisse	0,250	Tiltaket er omprioritert etter kommunestyrehandsaming 20.06.2016 <b>Under arbeid</b>
20	Fortau med tilrettelagt fotgjengarkryssing på Stavland	69	Fv 14	Enkel skisse Kart 16	0,150	Tiltaket er tilrådd for tryggare kryssing Fv 14 <b>Utført i</b> 2019
21	Opparbeida fortau i busslomme ved Våge skule og opphøga gangfelt	19	Fv541	Enkel skisse frå førre ts-plan	0,200	Tiltaket bør prioriterast uansett plan for ny vegtrase. <b>ikkje utført</b> . Oppattført i tab. 9.5.
22	Veglys strekning Folderøy-Myro ca 1500 meter	Prosj.gr	Fv542	Ingen skisse	0,700	Tiltaket var oppsett som langsiktig tiltak i førre plan, denne vegstrekningen får mindre trafikk etter 2017. Bør likevel prioriterast. <b>ikkje utført</b> Oppattført i tab. 9.8.
23	Opparbeida busslomme ved vegkryss Høvringevika	17	Kv 1130	Enkel skisse Kart 6	0,350	Busslommer var med i førre plan, revidert ny løysing med ei busslomme. Bømlo kommune er vegansvarleg <b>Utført</b> 2018
24	Oppsett veglys ved alle busstopp (kantstopp), ca 50 stk	Prosj.gr	Fv og Kv	Ingen plan	0,900	JF kommunestyrevedtak 19.11.2011, dette er ikkje utført etter førre ts-plan <b>Under arbeid</b>
25	Ved Langevåg barnehage/utbetre kryss	Prosj.gr	Kv 1085	Skisse frå førre plan	0,150	Tiltaket er frå førre plan, (side 62), tiltaket krev mindre omregulering <b>Utført</b> 2017
26	Reperasjon lågt betongrekkverk i Urangsvåg	5	FV18	Ingen skisse	0,080	Lågt betongrekkverk som bør reparerast. Km pel 1,619- 1,665. 66 lm Statens vegvesen er vegansvarleg. <b>ikkje utført</b> Oppattført tab 9.5 prosj. ark 9.3

Pri	Prosjekt namn	Inns nr	Veg Id	Planst.	Kostn. mill kr	Merknad
27	Rekkverk Siggjarvåg –Myro-Foldrøy	60	Fv 542	Ingen skisse	0,100	Autovern for å hindra utforkjøring mot gardstun <b>Ikke utført</b> , Oppattført tab. 9.7
28	Vurdera lengde begrensing kjøretøy mellom Kvednavik-Habbestad	3-4	Fv 17	Ingen skisse	0,050	Statens vegvesen vurderer oppsett skilt nr 316, lengdebegrensing <b>Avgjort av SVV</b>
29	Reinsking av skjering Erevikvegen	11	Kv 1191	Ingen skisse	0,080	Lause masser i skjering bør reinskast. Bømlo kommune er vegansvarleg <b>Utført</b> 2019
30	Tilskot oppsetting veglys Hollunds-dalen-Raunevarden	42	Pv 1222	Ingen skisse	0,179	Oppsett veglys vil gjera at skuleborn nyttar denne gangvegen og ikkje ferdast langs trafikert veg <b>Utført</b> 2017
31	Oppsett rekkverk ved Alvsvågkrysset	1	Kv 1173	Enkel skisse Kart 4	0,030	Tilråda oppsett 42 lm nytt rekkverk på mur <b>Utført</b> 2017
32	Nytt buskur ved Ådnarå	49	Fv 18	Ingen skisse	0,150	Statens vegvesen vurderer dette utifrå sitt kollektiv budsjett. Hp 02 km pel ca 6,2 <b>Utført</b> 2017
33	Montering underskinne rekkverk ved Tronko bru på Brandasund	Prosj.gr	Fv 18	Ingen skisse	0,070	Tiltaket har vore oppført i ts-plan 2 og 3 og bør no utførast JF Hb N101 (Stat.vegv.) <b>Ikke utført</b> , Oppattført tab. 9.7

Tabell 9.3; Tabell utførte langsiktige tiltak frå førre plan

Pri	Prosjekt namn	Inns nr	Veg Id	Planst	Kostn. Mill kr	Merknad
1	Nytt fortau frå Fv19 og fram til Rubbestadneset barneskule	2	Kv 1013	Enkel skisse Kart 3	5,800	Strekningen er ca 475 lm og må byggast når reg.plan føreligg . Tiltaket er viktig for tryggleiken skulebarn som ferdast til /frå skulen. Kommunen er vegeigar . Det er søkt om sykkelvegmidlar i 2018 men er avsege. <b>Ikke utført</b> , Oppattført i tab. 9.5 og 9.6
2	Kryss Gassasundet, opparbeida avkjøringsfelt til Moster	P	Fv 542	Plan Kart 7	0,800	Tiltaket er viktig for å redusera ts-risiko i krysset. Statens vegvesen er vegeigar <b>Utført</b> 2017
3	Veglys langs gamle Fv 541, Stangarvågen-Rubbestadneset	8	Fv 541	Ingen plan	0,500	Strekningen er ca 700 meter og er no g/s-veg som ikkje har veglys. Sv var vegeigar <b>Utført</b>
4	Opparbeida fortau strekning Laurhamar-Habbestad	3-4 5	Fv 17	Ingen plan	0,350	Det må fyrst utarbeidast reguleringsplan for fortauprosjektet. Sv er vegeigar. <b>Ikke utført</b> , Oppattført tab. 9.6
5	Nytt fortau Grunnvågen-Kidlingevegen	14	Fv 15	Enkel skisse Kart 9	0,350	Strekningen er ca 200 meter, det må avklaring om krav til reguleringsplan <b>Ikke utført</b> , Oppattført tab. 9.6



Pri	Prosjekt namn	Inns nr	Veg Id	Planst	Kostn. Mill kr	Merknad
6	Opparbeida g/s-veg , busslomme og veglys på Stautland	7	Fv 541	Enkel skisse Kart 10	0,650	Behov for 475 lm g/s-veg, avhengig av ny trase langs denne strekkje JF Bømlopakken <b>Utført</b> Punktbelysning og busskur montert 2018 , henv. til Bp
7	Nytt fortau langs Vestvikvegen frå Vespestadhaugen-kryss kv 1301 Kallavåg	71	Fv 10	Enkel skisse Kart 15	6,500	Etter kommunestyrehandsaming er det bestemt at fortauet bør forlengast som skisse viser, ca 824 lm fortau mot kryss kv 1301, søknader om tilskot er avsege. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.6
8	Opparbeiding møteplass på bakketopp på vegen til kommunalveg til Helgeplass	Frå førre plan	Kv 1190	Ingen skisse	0,200	Tiltaket vil redusera risiko for møteulykker på bakketopp. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.7
9	Opparbeida gangsti frå parkeringsplass til tursti til Siggjo, ca 150 lm	Frå førre plan	v/Fv 542	Ingen skisse	0,080	Tiltaket er for at ein skal unngå gangtrafikk langs Fv 542 Synfaring med grunneigarar og friluftsråd er utført, mogeleg oppstart 2020 <b>Ikkje utført</b> Vert ikkje oppattført
10	Veglys/fortau mellom ferjekai og Bømlo Bil	50-71	Fv 541	Ingen skisse	1,050	Veglys og fortau må opparbeidast under eit prosjekt, Fortau krev truleg reg.plan Søkt om fylkestilskot. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.6 og 9.8
11	Veglys til Hovlandshagen	71	Fv 20	Ingen skisse	0,200	Ført i tidlegare ts-plan og det er bedt om ny oppføring. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.8
12	Veglys til Eidesfjellet/Veglys Vorlandsvågen	71	Kv 1235/1086	Ingen skisse	0,600	Vidareført frå førre ts-plan Veglys vert vurdert i veglysplan 2019/2020 <b>Under arbeid</b>
13	Opparbeida fortau fram til snøggåtkai Fv 541 Rubbestadneset	8	Fv 541	Ingen plan/skisse	1,050	Dette fortausprosjektet var med i førre ts-plan, bygging fortau krev truleg reg.plan <b>Under arbeid</b>
14	Oppsett veglys på Kv til Andal	Frå førre plan	Kv 1085	Ingen skisse	0,700	Oppsett veglys er ei vidareføring frå førre ts-plan. vert oppattført i denne plan, tab 9.8 <b>Under arbeid</b>
15	G/s-veg Kåsa-Eidesvik	Frå førre ts-plan	Fv 11	Ingen skisse	5,600	Tiltaket krev reguleringsplan <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.6
16	Opprusting strekning Tverråna- Svortland sentrum	64	Fv 23	Ingen skisse	Ikkje kjent	Reguleringsplan kostnader er ført under Af * <b>Utført</b> 2017
17	Opprusting strekning Alvsvågkrysset- Tverråna	64	Fv 23	Ingen skisse	Ikkje kjent	Reguleringsplan arbeidet ført under Af * <b>Under arbeid</b>
18	Bygging miljøgate Svortland sentrum	64	Fv 542	Ingen skisse	Ikkje kjent	Reguleringsplan ført under Af* <b>Under arbeid</b>
19	Bygge gangfelt ved kryss Fv 541/Andalsvegen	67	Kv 1085	Ingen skisse	0,100	Det bør byggast fortau på nordsida av gangfeltet på kommunalvegen. Tiltaket er ei kommunal oppgåve. <b>Utført</b> 2017
20	Innspel 14 frå førre plan etter kommunestyrehandsaming 20.06.2016.	Frå førre ts-plan	Kv 1262	Ingen skisse	0,650	Sprenging av gjenstående fjellknaus ved parkeringsplass Våge skule <b>Ikkje utført</b> . Oppattført tab. 9.5
<b>Sum prioriterte langsiktige tiltak</b>						<b>25,180 mill</b>

Tabell 9.4; Tabell oversikt utførte tiltak merka andre forhold

Oversikt tiltak som er merka andre forhold (Af *)					
Prioritet	Innspel nr	Tekst	Veg Id	Kostn. mill kr	Kommentar
1	61*	Kjersti Helen Follesø ber om vurdering trafiksikkerhet ved nye hsd-senteret på Svortland	Pv	0,050	Prosjektgruppa tilrår at det vert gjennomført ein ts-inspeksjon for å kartlegga eventuelle ts-tiltak. Bømlo kommune er øvre planmynde. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.7
2	5 og 23*	Strekningen Alsvåg-Svortland bør det verta oppstart reguleringsplan arbeid	FV 23	0,400	Prosjektgruppa tilrår at denne parsellen vert prioritert høgare i Bømlopakken. Det er fleire innspel om g/s-veg for denne strekning. Vegen er og skuleveg og vert klassifisert som trafikkfarleg skuleveg <b>Under arbeid</b> (reguleringsplan)
3	17*	MGU etterlyser nedsetting fartsgrense	Fv 542	0,075	Statens vegvesen er ansvarleg for dette og vil føreta fartsmåling JF gjeldande fartsgrense kriterie. <b>Under arbeid</b> (Fartsgrense vurdering inngår i pågåande reguleringsplan arbeid)
4	9 og 22*	Gilje FAU ber om nedsetting fartsgrense og fartsreducerande tiltak, farleg kryssing ved Melands- krysset	FV 23	0,150	Statens vegvesen førete fartsmåling og vurderer dette nærmare. <b>Utført</b>
5	14*	Grunnavågen vellag har bedt om ny vegmerking fylkesvegen over Totland	Fv 15	0,030	Statens vegvesen følger dette opp i samband med årets vegmerkeprogram <b>Utført</b>
6	10*	Goddo Grendautval har bedt om vurdering fartsgrense og at Goddevegen vert skilta forkjørsvveg	Fv 18	0,300	Statens vegvesen følger denne saka opp etter gjeldande kriterier. Brev sendt tidl. Svv som veghaldar, ventar på svar. <b>Ikkje utført</b> , Oppattført tab 9.5
7	8*	Rubbestadneset Grendautval har bedt om fartshump før krysset til bedehuset	Fv 19	0,100	Statens vegvesen vurderer dette, alternativt kan ein vurdere å flytta 40 km/t fartsgrensa lenger mot Rolfsnes. <b>Utført</b>
8	8*	Goddo Grendautval har bedt om ny vurdering av rett fartsgrense frå Sæveruds krysset og til Steganeset bru, km pel 2,450	Fv 18	0,050	Vlfk følger dette opp vidare om rett fartssoning, Brev sendt tidl. Svv men ventar på svar. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. 9.5.
9	19*	FAU Svortland skule ber om at heile området på «sirkusplassen» vert asfaltert	KV 1025	0,450	Kommunen må vurdere dette nærmare ut frå budsjett og andre forhold. <b>Utført</b>
10	20*	Vurdera lågare fartsgrense forbi kryss til Espira barnehage	Fv18	0,040	Espira barnehage ynskjer fartsgrense 40 km/t forbi kryssområdet. Vlfk vurderer dette i forhold til fartsgrense kriterie, brev sendt tidl. Svv men ventar på svar. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab. tab. 9.5.
11	46*	Vurdera nedsetting fartsgrense Foldrøyhamn-Myro	Fv 542	0,100	Vlfk vurderer dette etter gjeldande fartsgrense kriterier. <b>Ikkje utført</b> Oppattført tab 9.5
12	48*	Ved Våge skule vurderast nedsetting fartsgrense 40 km/t.	Fv 541	0,050	Vlfk vurderer dette i forhold til fartsgrense kriterier. <b>Ikkje utført</b> Oppattført i tab. 9.5 pkt 3
13	49*	Oppsett busskur for skuleborn	Fv 18	0,120	Statens vegvesen vurderer dette ut frå sitt budsjett <b>Utført</b>

Oversikt tiltak som er merka andre forhold (Af *)					
14	64*	Alvsvågkrysset- Tverråna	Fv 23	0,450	Kostnad reguleringsplan Under arbeid
15	64*	Tverråna –Svortland sentrum	Fv 23	0,250	Kostnad planarbeid Utført 2017
16	64*	Miljøgate Svortland sentrum	Fv 542	0,350	Kostnad planarbeid Under arbeid
<b>Sum tiltak 2,965 mill</b>					

**Oversikt tiltak som er utført, under-arbeid og ikkje utført i TS- planen 2016-2020**

Ikke utført.....	<u>26</u>
Under arbeid .....	<u>13</u>
Utført .....	<u>30</u>


Tabell 9.5; Prioriterte strakstiltak for 2020-2024

Oversikt strakstiltak 2020-2024							
Tilt. nr	Innsp nr	Tiltak /omtale	Vegid.	Plan/skisse	Kost. i mill kr	Tilråding/ Merknader	Pri.
1	Frå førre plan	Utarbeida reguleringsplan for veg eller fortau langs eksisterande veg til Rubbestadneset barneskule	KV 1013	Ingen skisse	0,40	Dette tiltak var med i førre TS-plan. Det kan vurderast droppsoner for elevar ved kryss FV 5006 som ei mellombels løysing.	1
2	74-96	Trafikksikring ved Hillesteit skule, mykje blanda trafikk mellom kjøretøy, skulebarn, og sykklar ved av/på stigning.	KV 1091	Prosj. ark 9.5	1-2,0	Trafikktryggleiken for elevar ved skulen er ikkje tilfredsstillande og det må utarbeidast ein plan for å forbetra tilhøva. Ei straksløysing er å avgrensa kjøring opp til skulen.	1
3	Frå Førre plan, nr 20	Tidlegare prioriterte tiltak frå førre plan, sikra kryssing m.m for barnehagebarn og skulebarn ved Våge skule	FV 541	Ingen	0,75	Fartsmåling, vurderer nedsetting fartsgrense, opphøgd gangfelt opprusting fortau/busslomme og ekstra belysning. Fjerning av gjenstående fjellknaus	1
4	60-67-68-70	Det er mange innspel om risiko ved kryssing av fylkesvegen på Stavland, ber om gangfelt.	FV 4998	Prosj. ark 9,9	0,25	TS-planen tilrår at Vlfk føretekk ei vurdering om mogeleg gangfelt som foreldre og andre har bedt om. ÅDT er 3200.	1
5	99-102-103-108-115 og frå førre plan	Mange innspel om trafikkfarleg kryssing FV 5004 på strekningen X FV 5002- FV 5004 Hollund. Fleire kryssingspunkt på kort strekning og mange skulebarn.	FV 5004	Prosj. ark 9.2	1-2,50	Strekningen har relativt tett busetnad på begge sider. TS-planen tilrår at det vert gjennomført ein TS-inspeksjon for å kartlegga TS- tiltak. Vegkrysset til Selle er ikkje tilfredsstillande utforma. Fartsmåling bør gjennomførast.	1
6	29-30	Oppsett veglys for å få samanhengande belysning mellom Meling skule og Sønstabøkrysset, ca 550 m	FV 4998	Prosj. ark 9.4	0,80	Samanhengande veglys strekningen mot Sønstabøkrysset mellom profil ca. 4100-4650. Vil betra forhold for skulebarn spesielt vintertid.	1
7	41-55	Sikring av kryssingspunkt X Øklandsvegen/Bjørkåsen. Det bør og vurderast gangsti, <i>Barne trakk</i>	FV5002/1077	Prosj. ark 9.1	0,20	Det tilrådest å bygga eit kort fortau med universell utforming for kryssing og at sikten vert betra retning X FV 4998. Det bør monterast 1 veglys på eksist. stolpe.	1
8	101-114	TS-tiltak for sikrare kryssing for skulebarn FV 5006, Hp 02- km pel 0,5 i Ramsdalen	FV 5006	Ingen	0,20	Vlfk gjennomfører fartsmåling før eventuelle TS-tiltak.	1
9	139	Sikra forholda ved busstopp for skulebarn og andre på Hidle. Bussjåførane er uroa for TS-risikoen	FV 541	Ingen	0,05	Tilrår at det vert godkjent busstopp ved byggefeltet på Anskår, begge sider som ei mellombels løysing til ny parsell vert bygd, profil 9,620.	1
10	139	Tilrettelegga areal for busskorrespondanse mellom sør og nordgåande bussar nordom Sakseidkrysset	FV 541	Ingen	0,40	Dagens situasjon er at bussane står i Sakseidkrysset som utgjer ein TS- risiko.	
11	57	Skulebarn frå byggefelt Alvsvåg m/fl. må kryssa FV 5012 fleire gonger på veg til/frå Gilje skule	FV 5012	Ingen		Det bør utførast ei fartsmåling og event. nedsetting fartsgr. til 40 km/t.mellom kryss KV 1168/1173. Bør og vurderer gangfelt, Hb V127.	1

**Oversikt strakstiltak 2020-2024**

Tilt. nr	Innsp nr	Tiltak / omtale	Vegid.	Plan/skisse	Kost. i mill kr	Tilråding/ Merknader	Pri.
12	8-12-82	Etablering <u>kantstopp</u> for buss ved Høvringevika for nordgåande skulebuss. Nedsetting fartsgrense og oppsetting fleire veglys.	KV 1130 og 1129	Ingen skisse	0,20	Det er bygd kantstopp for sørgåande bussrute, tilrår kantstopp med merking i vegbane for nordgåande bussrute. Montera 2 ekstra veglys nordom busstopp. Bømlo kommune vurderer nedsetting fartsgrense til 50 km/t.	1
13	31-34	Plassera busskur ved kryss Gåslandsvegen/Steinsbøvegen.	FV 5002 og KV 1075	Prosj. ark 9.6	0,75	Det er ikkje opparbeidd busslomme, berre busstoppskilt. Bustadfeltet øvre Gåsland/Steinsbø har over 90 bustadhus. Vegstrekingen FV 5002 er oppført i Bp for planoppstart 2022. Planoppstart bør framskundast.	1
14	64	Nedsetting fartsgrense frå 60 km/t til 50 km/t Melingsheio/Trollaholvegen.	FV 4998	Ingen	0,05	Mange skulebarn kryssar vegen og det er frå før av tilrettelagt kryssingspunkt med forsterka belysning og universell utforming, den korte 60 sonen (875m) bør settast ned til 50 km/t ved kryssingspunktet. Vlfk <u>handsamar saka vidare.</u>	1
15	78-100	Busslomme/kantstopp med busskur bør etablerast venstre side, viktig for tryggleiken til skulebarn, Hamaren i Urangsvåg. Reperasjon lågt betongrekkverk	FV 5004	Prosj. ark 9.3	0,40	Pga. FV 5004 sin vertikal kurvetur i dette området og ein del vogntogtrafikk, utgjer det ein TS-risiko for barn som ventar på skulebuss. Lågt betongrekkverk var med i førre plan.	1
16	5	Oppsetting veglys strekning Stautland-Thormodsæter.	FV 541	Ingen	0,90	Svært låg vegstandard. Vert framleis busstrase etter at ny vegparsell vert bygd austom Erslandsvatnet.	1
17	71	Siktutbetring Alvsvågkrysset.	KV 1173	Ingen	0,02	Sikten retning Tverråna bør utbetrast til 6 x 45 meter.	1
18	109	Trafikksikring, kryssing g/s- veg i Hallaråkerkrysset.	FV 4998	Prosj. ark 9.8	0,30	Hallaråkerkrysset bør justerast slik Prosjektark 9.8 viser. Fortau kryssinga er ikkje utforma etter Hb N100. Redusert sikt og registrert for høgt fartsnivå.	1
19	106-111	Utbetra kryssingspunkt over vegen til industriområde i Hollundsdaalen.	Fg542/KV1 063	Prosj. ark 9.7	0,20	Tilrår at trafikkøya vert ombygd etter HB V127 Merking gangfelt må vurderast.	1
20	106	Vikepliktregulering av kryss langs vegen til Øklandsvågen.	FV 5002	Ingen	0,20	Tilrår at vegen vert regulert til forkjørsvog. Vlfk er vedtaksmynde.	1
21	TS-plan	Vegen frå Myro mot Folderøy skule, manglar gangsti eller <i>Barne- trakk</i> i nytt kryssområde.	KV 1226	Ingen	0,15	Det bør byggast ny gangsti eller <i>Barne- trakk</i> i krysset for gåande frå bustadområde på Myro.	1
22	139	Oppsetting 2 busstopp skilt nr 512 ved kryss Ekornsæter	KV 1223 og 1226	Ingen	0,05	Buss stopp kan etablerast som kantstopp pga. Låg ÅDT.	1
23	123	Oppsetting vikeplikt skilt på vegen til Espelandssjøen	KV 1122	Ingen	0,03	Tilrådest for å tydeleggjera vikeplikt i vegkryss til skulen som har uheldig geometrisk utforming. Vegkryss til Espira barnehage tilrådest også oppsett skilt nr 202.	1

Oversikt strakstiltak 2020-2024

Tilt. nr	Innsp nr	Tiltak /omtale	Vegid.	Plan/skisse	Kost. i mill kr	Tilråding/ Merknader	Pri.
24	106	Rydding sideareal gjeld alle private- kommunale og fylkes-vegar. Gjeld spesielt kryss og avkjørslser. 	Alle vegar	Ingen		Alle som eig private vegar/avkjørslser vert oppmoda om å rydda sikt. For kommunale vegar og fylkesvegar som har sikthinder, må busk og kratt ryddast av ansvarleg vegeigar. Til dømes sikthindrande hagevekstar i avkjørslser osv. Alle som grensar til nemnde vegar bør gjera ein ekstra innsats.	1
25	46* frå førre plan	Vurdera nedsetting fartsgrense Folderøyhamn-Myro	KV 1226	Ingen	0,10	FV 1226 har betydeleg mindre ÅDT etter ny parsell 542 vart opna. Bk tek avgjer til nedsetting fartsgrense etter fartsmåling.	1
26	Frå førre plan	Sikra vegkant med nytt autovern	FV541 km pel 8,60-8,75	Ingen	0,20	Ny trase er planlagt men ikkje avklara når bygd, vegmod 21300	1
27	Frå førre plan og 129	Fartsgrense vurdering av heile strekningen FV 5004 og vurdering om forkjørsvveg	FV 5004	Ingen		Vlfk er vegeigar og tar avgjer til dette punktet	1
28	140	Tiltak JF kommunestyre- vedtak, er det bedt om strakstiltak som punktutbetring i høve siktsona og vegbredde	FV 5000	Ingen		Ts-planen tilrår at det vert føreteke ei nærmare vurdering om strakstiltak i forhold til framtidig reguleringsplan for g/s-vegen	1

Tabell 9.6; Prioriterte langsiktige tiltak 2020-2024

Oversikt langsiktige tiltak 2020-2024							
Tilt. nr	Innsp. nr	Tiltak /omtale	Vegid.	Plan/skisse	Kostn i mill kr	Tilråding/ Merknader	Pr
1	29-30-49	Detaljplanlegging for g/s-vegen frå km/pel 4050-5260, fram til Sønstabø krysset. Lengde ca. 1200 m.	FV 4998	Det er utarbeida oversikt tegn.CO1	0,50	Samanhengande g/s-veg fortau frå Meling skule -Sønstabø vil gje tryggare ferdsel for mjuke trafikantar, spesielt for skulebarn til/frå Meling skule. ÅDT er 550. Kostnad av fortau m/vegutviding vert høg. Finansiering manglar. Det er utarbeida forprosjekt (C tegn).	1
2	79-89	Utarbeida reguleringsplan for Laurhamarkjosen -Habbestad.	FV 5002	Viser til tidlegare TS-planar	0,70	Denne strekningen er med i prioriteringa i Bømlopakken for 2022 men reguleringsarbeidet bør framskundast. ÅDT er 1600 og det er mykje vogntogtrafikk til laksebedrift i Kvernavika.	1
3	120	Bygging høgresvingefelt i kryss til KV 1226 til Folderøy	FV 542	Ingen	1,50	TS-planen tilrår at det vert bygd høgresvingfelt, berekna andel høgresvingande kjøretøy er ca 11,6 %. Pga. høgt fartsnivå, kan ei eventuell påkjøring gje høg skadegrad/konsekvens.	1
4	18-20-87	Bygging av 824 lm fortau mot Kallavåg. Tiltaket var med i førre plan.	FV 4992	Ingen	6,50	Fortauet vil gje betre trafikktryggleik for skulebarn som skal ferdast til/frå skulen. Viser til kartskisse i førre plan. ÅDT er 400.	1
5	87	Bygging fortau frå Bømlo bil til ferjekaien på Langevåg.	Fv 541	Skisse i førre plan	2,70	Tiltaket var med i førre TS- plan. Omlag 450 lm fortau. Veglys ført opp i tabell 9.8. FV 541 Hp 5 km pel 0- 0,450.	1
*6	Frå førre plan (14)	Nytt fortau Grunnvågen- Kidlingevegen.	FV 5000	Kartskisse førre plan	2,40	Reguleringsplan ikkje utarbeida. Må vurderast opp mot tiltak nr 10 innspel nr 140	1
7	Frå førre plan (15)	Fortau Kåsa-Eidesvik.	FV 4994	Ingen kart/skisse	0,50	Reguleringsplan ikkje utarbeida.	1
8	122	Planlegga gangsti langs nordsida av Storavatnet		Ingen	Ukjent	Tur/gangsti er tilråda som eit bra miljø og rekreasjons tiltak men krev betydeleg sikringstiltak dersom skulebarn skal kunna ferdast trygt langs Storavatnet.	1
TS-plan gr.	Frå førre plan	<i>Reguleringsplan Skimmeland - Moster</i>	<i>FV 542</i>	<i>Planarb. pågår</i>	<i>Ukjent</i>	<i>Når reguleringsplanen er ferdig, må strekningen prioriterast med finansiering og oppstart.</i>	1
	Frå førre plan	<i>Reguleringsplan Miljøgata Svortland sentrum</i>	<i>FV 542</i>	<i>Planarb. pågår</i>	<i>Ukjent</i>	<i>Planarbeidet er under arbeid og framtidig utbygging av reguleringsplanen vert sikra via TS-planen. Uklart når reguleringsplanen vert ferdig.</i>	1
	Frå førre plan	<i>Reguleringsplan for Tverråna-Alsvågkrysset</i>	<i>FV 5012</i>	<i>Planarb. pågår</i>	<i>Ukjent</i>	<i>Planarbeidet er under arbeid og vert truleg ferdig i 2021. Strekningen er svært viktig og få utført. Har og stor betydning for blant anna trygg skuleveg.</i>	1

**Oversikt langsiktige tiltak 2020-2024**

Tilt. nr	Innsp. nr	Tiltak /omtale	Vegid.	Plan/skisse	Kostn i mill kr	Tilråding/ Merknader	Pr
TS-plan gr.	Frå førre plan	Reguleringsplan Nesevegen plan ID 201804	KV 1178	Planarb. pågåår	Ukjent	Planarbeidet er under arbeid men vert ikkje ferdig før 2021. KV 1178 har vore omtalt like frå TS- plan 2011-2015.	1
		Reguleringsplan for fullføring av samanhengande fortau frå Sjøtunga bygget til Sønstabøkrysset	FV 4998	Klart for oppstart	Ukjent	Reguleringsplan arbeidet truleg ikkje ferdig før 2022. Strekingen frå Sjøtunga-bygget til Sønstabøkrysset er viktig for trygg skuleveg.	1
		Reguleringsplan Laurhamarkjosen-Habbestad	FV 5002	Ikkje oppstarta	Ukjent	Opplyst at det vert oppstart reguleringsplanarbeid i 2022. Planarbeidet bør om mogeleg framskundast. Tiltak nr. 2	1
		Reguleringsplan for Hollundskjosen-Laurhamarkjosen	FV 5004	Ikkje oppstarta	Ukjent	Denne strekning har klart behov for utbetring pga. tett randbygging og mange skulebarn som må kryssa vegen utan naudsynt sikring. Relativt høg ÅDT (2900). Generelt er parsellen «nedsliten» til dømes fortau, rekkverk og gjerde har låg standard. I innspel nr 106 frå Bømlo kommune er dette påpeika.	1
	Frå førre plan	Reguleringsplan for veg til Rubbestadneset barneskule	KV 1013	Ikkje oppstarta	Ukjent	For å tryggja vegen til skulen må det utarbeidast reg. plan. Viser til førre TS-plan og tab. 9.5 tilt. nr. 1 i denne plan.	1
	Frå førre plan	Reguleringsplan for fortau/g/s- veg strekning Kåsa- Eidesvik	FV 4994	Ikkje oppstarta	Ukjent	Denne strekning har vore etterspurt med tiltak frå tidlegare TS- planar	1
	Frå førre plan	Reguleringsplan Vespestadhaugen-Kallavåg	FV 4992	Ikkje oppstarta	Ukjent	Forlenging av fortau JF kommunestyrevedtak, frå KV 1099 til KV 1301	1
	Frå førre plan	Reguleringsplan Bømlo Bil- Ferjekaien	FV 541	Ikkje oppstarta	Ukjent	Veglys og fortau må opparbeidast under eit prosjekt, bygging fortau krev reg.plan. Søkt om fylkestilskot.	1
10	140	JF kommunestyre- vedtak må Totlandsvegen- Grindheim trafikksikrast som skuleveg med g/s-veg	FV 5000	Planarb. bør prioriterast	Ukjent	Pga skuleveg og ÅDT 1200, tilrår ein at vegen vert utbygd med g/s-veg som krev reguleringsplan. Nedre Grindheim- X Kidlingevegen. Lengde ca. 2,9 km. Omfattande tiltak.	1



Tabell 9.7; Oversikt tiltak utan prioritering

Oversikt tiltak utan prioritering				
Tilt. nr	Innsp.nr	Veg-id/stad	Tiltak type	Omtale/Merknad
1	23	KV 1207 /Innværfjorden	Oppsetting av «Barn leker» skilt	Skilttypen er ikkje normert trafikkskilt. Bk er skiltmynde
2	61	KV1165/gamle Siggjarvåg ferjekai	Regulering av oppstillingsplassen	Bømlo kommune tek avgjer til dette innspel. Lågt trafikkgrunnlag
3	86	FV 1173/Veg til Alvsvåg	Bygging g/s-veg	
4	97	KV 1107 /Breivikvegen på Moster	Utviding av smal kommunalveg	
5	106	FV 5002/ Øklandsvegen	Forkjørsvveg regulering	Vlfk er ansvarleg for vedtak
6	69	FV 541 Thormodsætre	Oppsett fareskilt nr. 156 m/underskilt	Vlfk er skiltmynde og avgjer skiltoppsett for gardstunet
7	Førre plan	KV 1190 Helgeplass	Opparbeiding møteplass på bakketopp på KV 1190	Tiltaket vil redusera risiko for møteulykker på bakketoppen. Driftsavdelinga vurderer dette 2020/2021.
8	129	KV 1193 Veg til Katla	Opparbeiding møteplassar veg til Katla	Bømlo kommune vurderer tiltak, vegen har fått meir trafikk spesielt tungtrafikk pga. fiskeoppdrett industrien.
9	129	FV 5004 Veg til Brandasund	Regulerast til forkjørsvveg og vurdering fartsgrense	Vegen bør vurderast på ny av Vlfk, både forkjørsvveg og fartssoning.
10	120	KV 1226 Folderøydalen	Betre tilrettelegging for kantstopp buss	I tillegg flytting av noverande busskur.
11	138	KV 1085 Andalsvegen	Vil ha 4 fartshumpar på grunn av høgt fartsnivå	Det må utførast fartsmåling før ein eventuelt kan plassera fartshumpar.
12	Førre plan	KV 1226 Folderøy	Sikring gangfelt Folderøy	Sikring av gangfeltet var aktualisert førre TS-plan før omkl. til kommunalveg.
13	Førre plan	FV 541 km pel 8,47-8,60	Sikre vegkant med nytt autovern, strekning Hidle-Våge skule.	Oppattført frå førre plan da vegmod. 21300 ikkje vert bygd i denne omgang.
14	120	KV 1187 v/Sekk og Melkevik på Hiskjo	Plassera 2 busstopp, skilt nr 512	Bømlo kommune planlegg plassering av busstoppene.
15	Førre plan	FV 542 på Innvær	Opparbeida gangareal frå busslomme og fram til kryss på Innvær	Vegen er framleis underlagt Vlfk.
16	121	FV 5004 Tronko bru	Vurdera trafikklvs- regulering. Montera underskinne som har vore prioritert sidan 2011	Liten sikt over brutoppen gjer at det oppstår vanskar med møtande trafikk. Vlfk bruavd. avgjer om tiltak. Breidde kjørebane er 3,5 m.
17	125	FV 542 miljøgata på Rubbestadneset	Vurdera trafikale forhold om kryssing av gåande	Tilrår at Vlfk vurderer dei trafikale tilhøva som er nemnt i innspelet.
18	124	KV 1265 ved Møbelringen	Justera lengde på fortau og retning på gangfeltet.	Tiltaket bør utførast med omsyn til universell utforming.
19	60	KV 1226 ved Myro	Oppsetting rekkverk for å hindra utforkjøring mot gardstun	Tidlegare FV 542 er no KV 1226 og betydeleg lågare ÅDT.
20	Frå førre plan	KV 1151/1085	Trafikksikringsmidlar Børøyvegen og Andalvegen	Tiltaket gjeld reperasjon vegkant og oppsett autovern
21	Frå førre plan	Ved hsd- senteret Svortland	Vanskelege trafikale forhold ved senteret	BK er planmynde for oppfølging av eventuelle TS-tiltak.

Tabell 9.8; Samletabell for oppsetting veglys

Samletabell oppsetting veglys						
Pr	Stad/strekning	Vegidentitet	Kostnad i mill	Lengde/pkt.	Ansvarleg etat	Merknad
1	* Sjøtunga bygget- Sønstabø krysset	FV 4998	0,80	550 lm	Vlfk/Bk	Strekning som manglar veglys, tilråd å setta opp trestolper pga. framtidig fortau- bygging. Sjå prosj. ark 9.4 side 43
2	* Veglys gamle trase av FV 541 Lykling - Våge	FV 541	0,90	1750 lm	Vlfk vegprosjekt	Innspel 44, 47, 105 m/fleire oppsitjarar. Prosjektet for utbygginga bør utføra og ta kostnad med veglysoppsettinga. Linjestrekk.
3	Ekstra belysning ved 2 gangfelt på Langevåg	FV 541/FV4994	0,20	2 pkt.	Vlfk	Innspel 87, intensiv belysning settast opp etter HB N100 og V127
4	Veglys Leitevegen v/kryss GBUS	KV 1048	0,03	1 pkt.	BK	Innspel frå Tekn. drift Bømlo kommune
5	Høvringevika, nordom krysset	KV 1130	0,06	2 pkt.	BK	Forlenga eksisterande lysstrekke.
6	Ved vegkryss Bjørkåsfeltet	FV5002/1077	0,03	1 pkt.	BK	Oppsett ein armatur på eksisterande trestolpe.
7	Buhamarfeltet til FV 5012 snarveg for skulebarn til Gilje skule	Pv	0,30	320 lm	BK	Tilrådest pga snarveg/gangsti- prosjektet for skulebarn, <i>Barne-trakk</i> . Innspel nr 65. Må avklarast med grunneigar.
8	Veglys Selsvegen, strekningsvis	KV 1065	1,00	1700 lm	Bk	Nokre korte strekningar har veglys, innspel nr. 117.
9	Veglys strekning Mækjebakken-Folderøydalen	KV 1226	0,87	1400lm	BK	Oppsetting veglys på denne strekning vil gje samanhengande veglys lkornsæter-Folderøy
10	Stautland- Thormodsæter	FV 541/Hp 7 km 1,7-2,6	0,90	900 lm	Vlfk	Tilrådest da bussrute vil kjøra denne vegen i framtida, svært dårleg vegstandard. Tilråda oppsett trestolper. Innspel nr 5
11	Oppsetting veglys i kryssområdet Ekornsæter	KV 1226/1223	0,10	3 pkt.	BK	Oppsett 3 stk. veglys vil betra trafikktryggleiken i krysset vintertid
12	Veglys Urangsvåg/Djupedalen	FV 5004	0,10	3 pkt.	Vlfk	3 master
13	Veglys FV 541, frå kryss FV 5012 mot Ekornsæter	FV541 hp 8 km pel 0-300	0,20	ca 300 lm	Vlfk	Innspel 107 og 22,25,27,28 og 81
14	Espira barnehage Rubbestadneset	Kv1021	0,10	3 pkt.	Bk	Innspel nr 13
15	Sakseid- Bjørkeskogen	Kv1158/1159	0,06	2 pkt.	Bk	Innspel 52, vegen er del av skuleveg til Våge
16	Veg til Hovlandshagen	FV 4993	0,50	600 lm	Vlfk/Bk	Overført frå førre TS-plan
17	Folderøy-Myro	KV1226	1,10	1500 lm	Bk	Overført frå førre TS-plan
18	Veglys til Andalsvegen	Kv 1085	1,50	3950 lm	Bk	Overført frå førre TS-plan. Innspl. 37
19	Veglys/fortau mellom Bømlo Bil og ferjekaien	FV 541 Hp 5 Km pel 0-0,450	0,70	450 lm	Vlfk	Innspel 87, var ført opp i førre TS- plan. Må sjåast i samanheng med forlenging fortau.

**Samletabell oppsetting veglys**

Pr	Stad/strekning	Vegidentitet	Kostnad i mill	Lengde/pkt.	Ansvarleg etat	Merknad
20	Veglysarmatur på eksisterande stolpe Søre Sele	FV 541 hp 5 km pel 13,461	0,05	1 pkt	Bk	Innspel 128. Vurdering utskifting eldre armatur mellom Lykling og Sele
	Vordnesvegen, sideveg til Selvåg	KV 1153	0,08	ca 535 lm	Bk	Mont. armatur
	Øvre Gåsland	KV 1075	0,25	170 lm	Bk	Opparbeidast med grøft, 4 master
	Veglys Serklauvegen	KV 1104	0,40	270 lm	Bk	8 pkt. med 270 lm grøft
	Veglys Løkkevegen	KV 1152	0,15	4 pkt.	Bk	Ved Våge skule, 4 pkt.
	Veglys Gullvegen	KV 1149	0,05	2 pkt.	Bk	2 armaturar
	Veglys Gåslandsvegen	FV 5002	0,05	1 pkt.	Vlfk	Mont armatur på eksist stolpe, innspel 31-34
	Veglys ved Klovøybrua	KV 1189	0,02	1 pkt.	Bk	1 stk. armatur på eksist. stolpe
	Veglys Sævrudsvegen snuplass	KV 1189	0,02	1 pkt.	Bk	1 stk. armatur på eksist. stolpe
	Veglys I kurve ved FV 541	KV 1208	0,02	1 pkt.	Bk	1 stk. armatur på eksist. stolpe
	Veglys v/busstopp	FV og KV	1,00 (rs)	Punktvis	Bp/Vlfk	Oppsetting etter kommunestyre vedtak 19.11.2011
	Veglys veg til Eidesfjellet	1089	0,05	3 pkt.	Bk	Overført frå førre TS-plan
	Veglys P.Plass for gravplass Folderøydalen	KV 1226	0,05	3 pkt	Bk	

\* Må prioriterast høgt

Tabell 9.9; Samletabell for plassering busskur, ikkje prioritert rekkefylgje

Samletabell plassering busskur					
Stad/strekning	Vegidentitet	Kostnad i mill	Tal busskur	Ansvarleg etat	Merknad
Ved kryss Gåsland/Gåslandsvegen	FV 5002 og KV 1075	0,750	1	Vlfk	Ingen busslomme, plassering av busskur krev grunnavtale. Eit større busskur. Over 90 bustadhus i nærområdet. Ein del ekstra kostnad med utsprenging for busskur Mange skulebarn. Innspel nr. 32-34,89. Prosjektark 9.6
Kryss v/Erslandsvegen	FV 541 Hp 8 km pel 0,915	0,15	1	Vlfk	Innspel nr. 81 m/fleire
På Sætre, strekningen Thormodsætre-Gilje	FV 5012 Hp 1 km pel 2,770- 3,530- 3,880	0,45	3	Vlfk	Innspel nr. 81 m/fleire
Våge Skule, ved buss stoppet inne på skuleområde	KV 1262	0,20	1	Bk	Eit større busskur, mange skulebarn. Innspel nr. 58
På Hamaren i Urangsvåg	FV 5004	0,15	1	Svv	Innspel nr 78 og 100. Prosj. ark 9.3
Mostravegen ved vegkryss til Espelandsjøen,	FV 542/KV 1122	0,15	1	Vlfk	Setta opp 1 busskur. Det er ikkje busslomme, kantstopp kan etablerast. Gjeld for busstrafikk nordover. Innspel nr. 90.

## Prosjektark 9.1; Bjørkåsen bustadfelt

Innspel nr 41-55

Stad/Tiltak

Vegkryss til Bjørkåsen bustadfelt/sikra kryssingspunkt

Posisjon

Veg ID: FV 5002

Hp/Km pel 01/0,211

### Registrering:

Innspel om sikring av skulebarn som kryssar fylkesvegen. ÅDT 1900, 10% er lange kjøretøy.

### Vurdering og tilråding:


Det bør byggast eit mindre fortau for kryssingspunkt med universell utforming ved krysset. Gjerde eller rekkverk er ikkje tilrådd, kan redusera sikten ytterlegare.

1 stk. lysarmatur bør monterast på eksisterande stolpe. Er ført i tabell 9.8


Det kan alternativt byggast gangsti for skulebarn og andre, *Barne-trakk*, viser til kartskisse.

Bk er ansvarleg etat.

44



*Mogeleg opparbeiding gangsti, barne-trakk, til Meling skule*



## Prosjektark 9.2; Hollund- Laurhamarkjosen/ TS-vurdering

**Innspel nr**  
**99,102,103**

**Stad/Tiltak**  
**Hollund- Laurhamarkjosen/ TS-vurdering**

**Posisjon**  
**Veg ID: FV 5004**  
**HP 01/Km pel 0,200- 1,000**

### Registrering:

Mange oppsitjarar har engasjert seg for trafikktryggleiken på Hollund.  
Uroa for TS-risikoen til skulebarna og barnehagebarn som må kryssa FV 5004 osv.  
Relativt høg ÅDT som er 2800.

Mellom profil 0,250 og 0,500 har vegen ein stigning på 7,4 %.

Mange vogntog til/frå Brandasund og til Øklandsvågen.

Vegkryss til Sellevegen er ikkje tilfredsstillande med omsyn til gåande som må kryssa FV 5004 frå/til KV 1065 i kurven.

Behov for trafikksikring ved tidl. butikkbygg ved kryss Laurhamarkjosen.

Strekningen har skilta 50 km/t- sone, men fartsnivået er høgare iflg. foreldre.

### Vurdering/tilråding:

For denne vegstrekningen frå Hollundskjosen og til Laurhamarkjosen, tilrår ein at det vert føreteke ein TS- inspeksjon.

Tilrår at det vert føreteke fartsmåling og eventuelt at fartsgrensa vert sett ned til 40 km/t som eit **strakstiltak**.


Det bør og vurderast nye gangfelt alternativt tilrettelagt kryssingspunkt med belysning.

Vlfk er ansvarleg etat.

TS- planen tilrår at denne vegstrekning også inngår i Bømlopakken sin byggeplan for *Olakjosen - Laurhamarkjosen, 2022-2024*.

45



-  Kryssingspunkt som må spesielt vurderast på FV 5004  
Viser elles til innspel nr 106 der sikring av KV 1065 inne på Sellevegen er føreslege.

### Prosjektark 9.3; Hamaren Urangsvåg/ busslomme

Innspel nr: 78,100

Stad/Tiltak  
Hamaren Urangsvåg/ busslomme

Posisjon  
Veg ID: FV 5004  
HP 01/Km pel 1,730

#### Registrering:


Det er bedt om busslomme og nedsetting av fartsgrense pga. fleire registrerte nestenulykker for barn som ventar på skulebuss. Fartsgrensa er 50 km/t Det er ein del vogntogtrafikk til/frå Brandasund. ÅDT er 800.

#### Vurdering/tilråding:

Det bør byggast kantstopp med busskur eller alternativt ei busslomme for trafikk sørover mot Svortland. Mogeleg grunnavståing må avklarast. Det er og behov for ekstra veglys i området.

Tilrår at låg varamur som var registrert i førre plan vert oppbygd.  
Vlfk er ansvarleg etat.

46



## Prosjektark 9.4; Oppsetting veglys og vegutviding Meling -Sønstabø

**Innspel nr 29, 30,  
49**

**Stad/Tiltak**  
**Meling -Sønstabø**  
**Veglys og plan vegutviding med fortau**


**Posisjon**  
**Veg ID: FV 4998**  
**HP01 /Km pel 4,050-5,260**

### Registrering:

Mange innspel for å betra trafikktryggleiken for skulebarn på strekningen. Ber om forlenging g/s-veg eller fortau. ÅDT er 550, og strekningsvis manglar veglys. Det er utarbeida C- teikningar for utviding av vegen og med fortau etter U-H<sub>0</sub>1 standard iflg. HB N100.

### Vurdering/tilråding:

Det tilrådest strakstiltak med å supplera ein strekning på 550 lm veglys som kan settast opp med linjestrekk/trestolpar. Dette vil betra forholda betydeleg for skulebarn, spesielt vintertid. Det tilrådest også at fortauet vert forlenga som førebels teikningar viser. Heile strekningen er ca. 1200 lm fram til Sønstabøkrysset. Oppsett veglys bør vera eit strakstiltak medan forlenging fortau vert langsiktig tiltak pga. manglande finansiering. Eit anna alternativ kan vera å opparbeida møteplassar og med fortau på strekningen, som og vil betra trafikktryggleiken og kan utførast til ein betydeleg lågare kostnad. Kostnad med utbygging etter føreliggande C- teikningar, vil truleg verta høg. *Grunnerverv og fornminne/kulturminne langs strekningen må avklarast.* Vlfk. er ansvarleg etat.





## Prosjektark 9.5; Hillestveit skule/omregulering kjøremønster

**Innspel nr:**  
66,74,96

**Stad/Tiltak**  
Hillestveit skule/omregulering kjøremønster

**Posisjon**  
Veg ID: KV 1091  
Hp 03/Km pel 0-150

### Registrering:

Det er ikkje tilfredsstillande trafikale forhold ved Hillestveit skule. Blanda trafikk med bilar, sykklar og skulebarn som gjer at det er for høg TS-risiko. Dette spesielt i mørketida, om morgonen i vinterhalvåret.

### Vurdering/tilråding:

Det er vanskeleg å finna ei optimal trafikksikker løysing på problemet. Kartskissa viser alternative løysingar, truleg den beste løysing med omsyn til trafikktryggleiken for skuleelevane.


Straktiltak er at Hovlandsvegen opp til skulen vert stengd ved Bedehus- hjørna for ålmenn ferdsel, dvs. at nytte- trafikk som renovasjon, varelevering og anna kan kjøra opp til skulen. Stengast med Skilt 306.1 m/underskilt og opphøgd over-kjørbar gatestein. Dette inneber at parkering for tilsette vert førebels som no ved skulen, KV 1091.

### Permanente tiltak:

Pkt. 2 og 3. vert å bygga ny veg frå FV 4992, Kallavågvegen og fram til skuleplassen med snuplass for buss og personbilar, *Hjartesone/droppsona*.

4. Parkeringsplass for tilsette vert ved skulevegen, KV 1099, når eventuelt pkt 2 og 3 er ferdig bygd.

Skisse over alternative løysingar



Truleg må veg frå pkt. 2 til 3 avklarast med Fylkeskonservatoren/Riksantikvaren.

<https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=https://data.kulturminne.no/askeladden/lokalitet/66745>

## Prosjektark 9.6; Oppsetting busskur og bygga kantstopp Gåslandvegen

**Innspel nr**  
31-34-79-89

**Stad/Tiltak**  
Gåsland/Gåslandsvegen/Oppsetting busskur og bygga kantstopp

**Posisjon**  
Veg ID: FV 5002  
Hp 1/Km pel 3,287


### Registrering:

Det er behov for busskur da det er mange skulebarn og andre som reiser kollektivt. Øvre Gåsland, Steinsbø feltet har over 90 bustadhus. Mange innspel.

### Vurdering/Tilråding:

Det bør settast opp dobbelt busskur pga. av mange skulebarn og andre reisande som soknar til eit stort byggefelt. Forslaget er at det vert tilrettelagt ein kantstopp for buss. Plasseringa av kantstoppen og busskuret krev at det må sprengast i fjellskjeringa.

Tiltaket krev truleg grunnavtale. Vlfk er ansvarleg etat.



Prosjektark 9.7 ; Ombygging trafikkøy Hollundsaldalen

Innspel nr 106-111	Stad/Tiltak Ved rundkjøring Hollundsaldalen/Ombygging trafikkøy	Posisjon Veg ID: KV 1063/Fg 542 Hp 1/Km pel 0,010
-----------------------	--	---



**Registrering:**

Eksisterende trafikkøy ved rundkjøringa er ikkje rett utforma og gjev ikkje god nok sikkerheit for g/s- trafikken som skal kryssa KV 1063. Det er relativt mykje tungtrafikk på KV1063 og TS- risikoen er vurdert til relativt høg.

**Vurdering/Tilråding:**

Det tilråddast at trafikkøya vert ombygd etter handbok V127 og at gangfelt vert vurdert etter gjeldande kriterier. (Statens vegvesen)

Sikthindrande prydbuskar i refuge mellom g/s- vegen og rundkjøringa må fjernast.



Prinsippskisse frå revidert Hb V127

## Prosjektark 9.8; Regulering kryssingspunkt Hallaråkerkrysset


Innspel nr	Stad/Tiltak	Posisjon
109	Hallaråkerkrysset/regulera fortau for sikrere kryssing	Veg ID: FV 4998 Hp 1-2/Km pel 3,800

### Registrering:

Fortau gjennom Hallaråkerkrysset bør justerast for å oppnå tryggare kryssing, dette spesielt for skulebarn.

### Vurdering/Tilråding:

Utforminga av fortauet i Hallaråkerkrysset, har ein viss TS-risiko og skissert utforming vil gje ei betydeleg forbetring. Det er og foreslege å forlenga fortauet på vestsida mellom bustadhus og busslomme.



## Prosjektark 9.9; Stavlandsvegen/kryssingspunkt/gangfelt

**Innspel nr**  
67-68-70

**Stad/Tiltak**  
Stavlandsvegen/kryssingspunkt/gangfelt

**Posisjon Veg ID:**  
FV 4998  
Hp 01/Km pel 0,905

### Registrering:

Det er mange innbyggjarar i Stavlandsneset som har bedt om sikrere kryssing for skulebarn da ein del elevar går på Meling skule og andre på Svortland skule. Det er kun bygd fortau på nordsida av fylkesvegen som gjer at det vert TS-risiko med kryssing av fylkesvegen. ÅDT er relativt høg, ca 3200, og ein del vogntogtrafikk. Stavlandsneset byggefelt har over 70 bustader som genererer mykje gangtrafikk både til Meling skule og Svortland skule.


### Vurdering/Tilråding:

Tilrår at det vert tilrettelagt gangfelt omlag slik kartskissa viser.

Eksisterande gangfelt ved profil 0,570 kan fjernast.

Det er ikkje fortau på sørsida av FV 4998 mellom busslommene.

Vlfk er ansvarleg etat.



## 12. Oversikt innkomne innspel etter førre planperiode

Tabell 10.1; Oversikt og vurdering innkomne innspel før TS-plan arbeidet vart utlyst

Oversikt og vurdering innspel til TS-planen for 2020-2024				
Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ans.	Pr
1	<b>Heddebakkebråtet Vel</b> , v/Heine Hovda og Birgitte Steinsland ynskjer oppsetting veglys Pv 96619, veg til naustområde, BVA nyttar vegen til vasstårn. Regulert område.	Veglys master er montert		
5	<b>Karen og Nils Anton Stautland</b> , ber om veglys langs FV 541 Thormodsæter Stautlandsgardane.	Strekningen fram til X Thormodsæter ca 900 lm manglar veglys. Svært smal og uoversiktleg veg. Bussruta vil framleis kjøra denne vegen etter opning av ny veg. Tab. 9.8	BK	1
6	<b>Ragnhild Mellesdal Fjelland og Turid Stokke</b> , ber om grusing av gangveg opp Stølslia. Ynskjer betre belysning i miljøgata, gangfelt og fartshumpar.	Gangveg opp Stølslia er ferdig grusa. Belysning i miljøgata gjeld generelt vedlikehald og Vlfk er driftsansvarleg.	Vlfk	
7	<b>Arild Grønås Rubbestadneset</b> , klaga på trafikkfarleg parkering ved Bømlo hotell.	Det vert anleggstart med opparbeiding av fortau mot snøggåtkai, trafikale forhold vert ivareteke. Oppstart 2020.	Vlfk	
8-12	<b>Ingeborg Vedøy m/fleire</b> , etterlyser busslomme ved vegkrysset til byggefeltet Høvringevikjo KV 1130. Innspel 8,9,10,11 og 12	Viser til omtale innspel nr 82.	BK	1
13	<b>Espira barnehage Rubbestadneset v/Helga M Kallevik</b> , ber om oppgradering av vegen og forlenging av fortauet til barnehagen samt oppsett veglys. KV 1021.	Tilrår oppsett 3 nye veglys langs veg- armen ned til parkeringsplassen KV 1021 ved barnehagen. Tab 9.8 Areal utanfor autovern kan grusast opp for gangsti, <i>Barne- trakk</i> .	BK	1
14 15	<b>Langevåg barnehage v/Jorunn Vold</b> , vil ha betre komplettering av tidlegare utført arbeid med avkjørsla til barnehagen.	Komplettering av sideareal ved avkjørsla er utført og sikt i avkjørsla er målt til 4 x 70 meter og godkjent.		
18	<b>Langevåg utvikling m/fleire</b> , ber om aktivering av tiltak JF TS-plan 2016-2020, nr 71 side 27 FV 4992.	Vert prioritert på nytt. Forlenging av fortauet må sjåast i samheng med plan om trafikale løysingar ved Hillestveit skule. Oppført i tab. 9.6	Vlfk	1
20	<b>Bømlo idrettslag, v/Cecilie Vold</b> , etterlyser tidlegare innspel i TS-plan 2016-2020.	Gjeld same som innspel 18 ovanfor.	BK Vlfk	1
22	<b>Dag Oskar Leirvåg</b> , etterlyser trafiksikring, nedsetting fartsgrense. Sakseidvegen-Thormodsæter FV 541. Det er og registrert innspel nr 25, 27 og 28 om same tema.	Endring av fartsgrense er tidlegare vurdert og avslege av (Svv), no Vlfk. Innspel nr 35 og 81 gjeld same tema. Veglys frå kryss på Thormodsæter mot kryss Ersland er ført i tabell for veglys 9.8	Vlfk	1
23	<b>Arild Grasdal</b> , søkjer om oppsetting skilt «Barn Leker» i byggefelt Innværfjorden. KV 1207.	Denne type skilt er ikkje normert skilt og vert ikkje prioritert.		
29-30	<b>Sønstabø og Nordtun Gardslag v/Liv Unni Oma</b> , problematiske trafikktilhøve, ber om forskjellige trafiksikringstiltak FV 4998 og KV 1187.	FV 4998 frå Melingheia-Sønstabø har ÅDT, ca. 550. Strekningsvis manglar veglys frå km pel 3,000 og til km pel 5260 X FV 4998/KV 1187 Sønstabø. Det føreligg C01 tegn for vegutv. Finansiering manglar. Tilrår at veglys vert oppgradert på aktuelle strekning i påvente finansiering ny veg m/fortau. Viser elles til innspel nr 49 .	BK Vlfk	1

Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ans.	Pr
31-34	<b>Bente Helen Natterøy</b> , ber om busskur FV 5002 og veglys KV 1075.	TS- planen tilrår busskur vert ført opp i Statens vegvesen si prioritering. tab 9.9. Eit veglys ved leikeplass KV 1075. tab 9.8.	Vlfk	1
37	<b>Langevåg sentrumsforeining, v/Leiar Kristen Thorsen m/fleire</b> , etterlyser veglys Andalsvegen.	Vert ført oppatt i tabell 9.8	Bk	1
41	<b>Bjørkåsen velforeining v/Monica Tveit Sæverud</b> , ber om TS-vurdering kryss Bjørkåsen. Oppsetting autovern og gjerde langs skuleveg. Heva gangfelt og skilt for skuleveg.	Oppsett rekkverk eller gjerde vert ikkje tilråda som kan gje redusert sikt o.a.. Skuleskilt skal kun settast opp ved skular/barnehagar. Forslag til utbetring sjå prosjektark 9.1.	Bk	1
44-47	<b>Framtid for Lykling v/Jarle Martinsen</b> , brev om TS-forhold gamle FV 541 etter utbygging. Ber om FV 541 vert best mogeleg tilrettelagt for mjuke trafikantar. Etterspør skuleskysst etter utbygging.	Spørsmål om oppgradering veglys gamle FV 541 og reasfaltering vert oversendt prosjektleiinga for nye parsellen av 541. Tabell 9.8. Nedsett fartsgrense til 40 km/t kommunalveg, kan eventuelt ikkje gjerast før fartsmåling er føreteke. KV 1148 og KV 1149. Skuleskysst er vurdert i TS-planen, tabell 9.1.	Vlfk og BK	1
49	<b>Sønstabø og Nordtun Gardslag v/Liv Unni Oma m/fleire</b> , ynskjer redusert fart og fartshumpar i tettbygd strok, ber elles om at kommunen vurderer utviding av KV 1187.	Viser til innspel nr 29 og 30. Fartshumpar er ikkje tilråda.		

Tabell 10.2; Oversikt og vurdering av innspel etter utlysing av TS-plan arbeidet for 2020-2024

Oversikt og vurdering av innspel til TS-planen for 2020-2024				
Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ans	Pri
52	<b>Sakseid Vel v/Thomas Larsen</b> ber om etablering veglys, Sakseid/Bjørkeskogen. KV 1158,1159 til FV541	TS-planen føreslår at Bømlo kommune monterer 2 stk veglys Skuleplassvegen og Bjørkeskogen, vegen er del av skuleveg. Tab 9.8	BK	1
53	<b>Meling Krinslag v/Liv Unni Oma</b> . Ber om at vegen Nordtun- Sønstabø vert klassifisert som særleg farleg skuleveg.	Brevet er førebels svara på 02.04.2019. Klassifisering som særleg farleg skuleveg er vurdert i den nye TS-planen 2020-2024.	BK	1
55	<b>Bjørkåsen Velforeining v/Monica Tveit Sæverud</b> , ber om vurdering kryssingspunkt for skulebarn FV 5002, KV 1077.	Brev sendt tidlegare til rådmann nov 2018 Viser til innspel 41.		
57	<b>Ingebjørg Dale Madsen</b> vil at kryssingspunkt for skulebarn FV 5012 Alvsvåg krysset- Gilje skule, vert vurdert og oppsetting skilt. Skulebarn må kryssa FV fleire gonger til/frå Gilje skule.	Det er ingen normerte skilt som kan settast opp iflg HB 300. Det bør utførast ei fartsmåling og event. nedsetting fartsgrense til 40 km/t. mellom kryss KV 1168/1173.	Vlfk	1
58	<b>Stine Strand Hope</b> ynskjer busskur og rundkjøring for buss ved Våge skule. KV 1262.	Det er ikkje behov for rundkjøring, det vert tilråda 2 busskur for ventande elevar inne på skuleområde.	BK	1
60	<b>Vibeke Robberstad Sortland</b> ber om fortau til skuleveg, Stavland -Meling skule. FV 4998.	Vlfk vurderer og tek avgjerd til gangfelt. Mange skulebarn frå Stavlandsneset må kryssa vegen for å koma til Meling skule. ÅDT 3200. Prosj. ark 9.9 og tab. 9.5		1
61	<b>Kurt Magne Folgerøholm</b> , ynskjer fjerning refuge, merke vegbane og sykkelsti samt oppsett. diverse skilt. KV 1165	Er ført opp i tabell 9.7 utan prioritering.		

Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ans	Pri
62	<b>Kåre Andreas Cederstrøm</b> er misnøgd med stenging av gamle sykkelruter til FV 541 etter ombygging.	Stenging med bommer er gjort etter reguleringsplanen for FV 541		
63	<b>Øvre Gåsland Vel v/Bente Helen Natterøy</b> ber om at deler av FV 5002 og KV 1076 vert klassifisert som særleg farleg skuleveg, fareklasse 1.	Det vil verta gjennomført ei vurdering om særleg farleg skuleveg.	BK	
64	<b>Ulsvåg Vel v/Joakim Tverborgvik og Meling Krinslag v/Rune Nesse</b> , ber om gangfelt i kryssingspunkt FV 4998, Melingsheio/Trollaholvegen og 50 km/t fartsg.	Det er tilrettelagt kryssingspunkt m/intensiv belysning. Tilråd at Vlfk som skiltmynde vurderer nedsetting fartsgrense til 50 km/t. Mange skulebarn kryssar her morgon og ettermiddag.Tab. 9.5	Vlfk	1
65	<b>Gilje skule v/Christine Grønås Mæland</b> ber om div. TS-tiltak, fartshumpar, veglys, strekning Alsvågkryssen og Mælandskryssen osv.	Det må føretakast fartsmåling på aktuell strekning før ein kan ta avgjerd om fartshumpar. Vlfk er vegeigar. Ber om veglys langs snarveg gjennom skogen til FV 5012. Tab 9.8	Vlfk BK	1
66	<b>Annette Nilssen Vold</b> innspel vedr. trafikale forhold område innkjøring til Hillestveit skule, mellom Bømlo bedehus og Langevåg Bygdatun.	Dette innspelet er same sak som innspel 74 og 96. TS-tiltak vert vurdert.		1
67	<b>Stavlandsneset Vel v/Espen Mæland og Stavlands Vel v/Marius Mæland</b> , ber om at det vert oppretta gangfelt i området busstopp for Stavland/Stavlandsneset. FV 4998.	Vert vurdert i same sak som innspel 60.		1
68	<b>Øyvind Rolfsnes-Flock</b> ber om etablering gangfelt X Stavlandneset/Stavlandsveien. Gjelder same gangfelt som innspel 67. FV 4998	Gjeld same innspel som nr 60.		1
69	<b>Dag Oskar Leirvåg</b> ber om nedsett fartsgrense Sakseidvegen ved Thormodsæter og fareskilt. FV 541.	Er vurdert av tidlegare Svv og avslege. Reguleringsplan for ny trase pågår. Fareskilt nr 156 annan fare m/underskilt «Gardstun»		
70	<b>Bjarne Stavland</b> ber om: Busstopp v/avkj. til Stavlandsneset, fartsdempar, Klage på støy- og fartsnivå. Strekning avkj. til Skjenaberg og vestover på FV 4998. Gjelder og same sak som 60, 67 og 68.	Før eventuell nedetting fartsgrense må det føretakast fartsmåling og planlegging gangfelt må utførast etter gjeldende forskrift. Prosjektark 9,9.		1

Oversikt og vurdering av innspel til TS-planen for 2020-2024				
Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ansv	Pri.
71	<b>Dagfinn Alsvåg</b> har bede om å utbeta sikt i Alsvågkrysset, fartsreducerande tiltak og fornying asfalt. KV 1173.	For siktutbetring må buskvekst fjernast samt flytting gjerde. Reasfaltering er driftsavdelinga ved Bømlo kommune som avgjer. For event. fartsdempande tiltak må det føretakast fartsmåling.	BK	1
72	<b>Sigmund Røksund</b> ber om trafikkisikringstiltak FV 542 på Moster og ber om at det vert sett i gang trafikkisikring på dei 2 verste svingane ved Mostravegen 496- 497 og 538.	Reguleringsplan er under utarbeiding.	BK	
73	<b>Rubbestadneset Grendautval v/ Arild Grasdal</b> . Oppfordring om at bussane brukar ballplass nedst i Ramsbakken. Dårleg sikt i avkjørsla frå Kiwi butikken. I miljøgata må vedlikehald prioriterast.	KV 1013, skulevegen vert fortsatt høgt prioritert i ny TS-plan. Droppsona ved ballplass vert vurdert som mellombels løysing i påvente reguleringsplan for ny veg til skulen. <i>Fartshumpar FV 5006 er ikkje prioritert før fartsmåling er gjennomført. Sikt v/Kiwi butikken vurdert i førre plan. Gangfelt i miljøgata og 40 km/t sone ikkje prioritert.</i>	BK Vlfk	1



Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ans	Pri
74	<b>Hillestveit skule v/Margrethe Eide</b> ber om at det vert gjennomført ei risikokartlegging som identifiserer ulike risikomoment og at tiltak vert prioritert. KV 1091/1099.	Etter synfaring, er dei trafikale forholda ved skulen ikkje akseptable. Det er mykje «blanda trafikk» som utgjer ein TS-risiko spesielt for skulebarn. Strakstiltak vert vurdert.		1
75	<b>Sønstabø og Nortun Gardslag v/Liv Unni Oma. og Meling Gardslag v/Rune Nesse.</b> Nedsetting fartsgrense, fartshumpar, utviding veg m/fortau siktutbetring i kurver og skilting m.m. FV 4998.	Vlfk er skiltmynde for fartssoning. Fartsreducerande tiltak med fartshumpar ikkje tilråda. Vegutviding vert eit langsiktig tiltak og krev truleg reguleringsplan. Vert oppført i ny plan som tiltak for reguleringsplan/vegplan. Tabell 9.5 og 9.8.	Vlfk	1
77	<b>Liv Unni Oma</b> ber om stoppskilt i X Gassasundet. Betre salting på vegen Gassasundet - Bremnes.FV542. Nedsetting fartsgr. Sønstabø-Sekk og Meling FV 4998 og KV 1187	For oppsett skilt nr 204 er det berre Vegdirektoratet som kan godkjenne oppsetting. Nedsetting fartsgrense vil gje liten TS- effekt.		
78	<b>Annelin Katla</b> vil ha fartsregulerande tiltak i Urangsvåg, fartsdempande tiltak og fortau ved Hamaren. FV 5004.	Tilrår busskur venstre side. Det må føretakast fartsmåling før eventuelt fartsreducerande tiltak.	Vlfk	1
79	<b>Olav Skaar</b> , klage på dårleg og farleg skuleveg forbi Habbestad, skuleveg til Leite eller Meling. Mykje tungtrafikk på vegen. Etterlyser gangfelt over over FV 4998 for skulebarn til Meling skule. Vil ha g/s-veg rundt Storavatnet. FV 5002 og KV 1076. Klage på tungtrafikken til Øklandsvågen	Denne fylkesveg er registrert med byggeplan oppstart 2022 og bygging 2023. Feilkjøring av tungtrafikk er vanskeleg å stoppa pga. GPS systemet.	Vlfk og Bp	
80	<b>Kjell Sjøvik, Bremnes</b> klagar på vanskelege trafikale forhold for gåande og syklende mellom Møbelsenteret-Rema 1000- Østensen bygget og vestlege delen av SAMS med NAV. KV 1264/1265.	Området bør vedlikehaldast/oppgraderast i samråd med eigarar av forretningsområdet. Reguleringsplan under arbeid gjennom sentrum.		
81	<b>Velforeining Erslandsvatnet rundt v/Remi Anthoni Ersland og Joar Nesse</b> , vil ha tiltak for tryggare skuleveg. Vil og ha 60 km/t sone, busskur og veglys m.m. FV 541.	Parsellen Ekornsæter-Sakseid oppstart 2020 iflg. plan program. Nedsetting fartsgr er vurdert av Vlfk. Busskur og veglys vert prioritert.	Vlfk	1
82	<b>Høvringevika Velforeining v/Elisabeth Grov</b> , forslag til tryggare forhold for skulebarn av- og påstigning skulebuss. KV 1130 og 1129 i Høvringvika. Pri. 22 under strakstiltak i TS- plan 2016-2020.	Kantstopp bygd m/busskur haust 2018. Tilrår nedsetting fartsgrense til 50 km/t. Tilrår også 2 ekstra veglys retning Håvik. Tilrår også kantstopp for nordgåande buss like sør for krysset til Høvringevika.	BK	1
83	<b>Framtid for Lykling og Lykling Familielag</b> ber om generell opprusting av G/s-veg, gamle trace av FV 541, vert opprusta med diverse TS-tiltak og vegvedlikehald.	Viser til omtale innspel nr 44.		
84	<b>Kristi Staveland Sæter</b> er uroa for trafikktryggleiken, Meling og forbi Nordtun til Sønstabø FV 4998 og KV 1187. Spør om vegen er vurdert som skuleveg, vil at dette eventuelt vert gjort.	Det vil verta gjennomført ei omfangsvurdering av vegens tilstand på objektivt grunnlag om særskilt trafikkfarleg skuleveg.	BK	1
85	<b>Kristi Staveland Sæter</b> informerer om at det kjem innspel straks frå Bømlo vaksenopplæring.	Gjeld same sak som innspel 84 ovanfor.	BK	
86	<b>Arne Waage frå Alvsvåg Gardslag</b> vil at det vert bygd g/s- veg til Alsvåg. KV 1173.	Bygging g/s- veg er ført i tabell 9.7.	BK	
87	<b>Langevåg utvikling</b> , ber om at innspel nr 71 og Pri. 10 i førre TS-plan, vert teke med i den nye TS-planen. Strekn. Vespestadhaugen- Skulevegen-Idrettsbanen. Ber om forsterka veglys v/gangfelt v/Langevåg kyrkje og gangfelt FV 4994 veg til Eidesvik.	Vert ført opp på nytt i TS-planen. Viser elles til innspel nr 74 Ekstra veglys gangfelt FV 4994 og FV 541 v/Langevåg kyrkje ført i tabell 9.8.	Vlfk og BK	1
88	<b>Stine Strand Hope</b> vil ha siktutbetring i kryss FV 541/KV 1155 til Hidlesneset. Vil ha ha fartshumper forbi leikeplass og vurdering av skuleveg forbi Kulleseid.	Viser til utbygging iflg. Bømlopakken.		

**Oversikt og vurdering av innspel til TS-planen for 2020-2024**

Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ansv	Pri.
89	<b>Bente M Sæverud</b> er uroa for trafikktryggleikena på FV 5002, vegen Laurhammer bedehus-kryss Sjøvollan Vegen er og skuleveg og det er mykje blanda trafikk, vogntog smal veg og turveg.	Denne vegstrekningen har vore med i tidl. TS-planar og vert ført oppatt i ny TS-plan.	Vlfk	1
90	<b>Espeland velforeining v/Jorunn Alise Steinsvåg</b> , ber om 30 km/t fartsgrense, det er og ynskje om busstopp ved kryss FV 542/KV 1122.	Busstopp vert registrert i samletabell for kollektiv. 30 km/t fartsgrense er tidlegare besvart av Bømlo kommune. Tabell 9.9.	Vlfk	1
93	<b>Elvyra Gumbiniene</b> , kommenterer trafikale forhold i miljøgata Svortland. ber om meir gatelys, synes for mykje tungtrafikk, vil ha fleire gangfelt. FV 542.	Det er på gang reguleringsplan for Svortland sentrum.	Vlfk og BK	
96	<b>FAU Hillestveit barne og ungdomsskule v/Erling Lodden</b> , ber om trafikksikringstiltak ved Hillestveit skule Langevåg og TS-tiltak Vespestadhaugen/Skulevegen.	Viser elles til innspel 74 og saka vert prioritert i TS- planen, Vespestadhaugen Skulevegen vert prioritert oppatt i nye TS-planen.	BK	1
97	<b>Torill Elin Bergheim</b> , synes Breivikvegen Austre Mosterhamn er smal og utrygg. Ber om vurdering og tiltak. Kv 1107.	Låg prioritert i denne planen.	BK	
98	<b>Nesse Gardslag v/Simon Nesse Økland</b> , Etterlyser fortgang i reguleringsarbeidet for KV 1178.	Reguleringsarbeidet er i gang for denne vegen.	BK	
99	<b>Petra Elisabet Erstad</b> , ber om at strekningen frå Hollundkjosen til innkjørsla til Hollund barnehage forbi gamle Steinsbø skule vert prioritert. Mykje tungtrafikk og mange barn kryssar vegen. FV 5004.	Fleire innspel om denne strekningen. For strekningen vert det gjort ei TS-vurdering Prosj. ark 9.2.	Vlfk	1
100	<b>Hamaren Vel v/Annelin Katla</b> , vil ha fartsregulerande tiltak i Urangsvåg, fartsdempande tiltak og fortau ved Hamaren. FV 5004	Same sak som innspel nr 78 Tabell 9.8 .	Vlfk	1
101	<b>Ann-Heidi Mathisen Langholmmarka Rubbestadneset</b> , Skulebarn må kryssa fylkesvegen ved avkjørsla til byggefeltet og er uroa for TS-risikoen. Innsender hevda svært høgt fartsnivå. FV5006.	Det er tilråda ei TS-risikovurdering og ei fartsmåling før eventuelle tiltak vert sett iverk FV 5006 Hp 2 km pel 0,535.	Vlfk	1
102	<b>Trygve Uddu Hollund</b> ber om gangfelt Hollundkjosen-Urangsvåg. Vil generelt ha betre forhold for fotgjengarar mot Svortland sentrum langs FV 5004.	Vert vurdert i samband med innspel . Prosj. ark 9.2.		1
103	<b>Wenche Sørvik, Hollund</b> , er uroa for mange skulebarn som må kryssa FV 5004 utan gangfelt. Høgt fartsnivå og mykje tungtrafikk.	Viser til andre innspel på denne vegstrekningen, innspel nr 99 og 102, Prosj.ark 9.2.		1
104	<b>Innspel frå Alf Helge Greaker, v/stabsfunksjon rådmann i Bømlo kommune</b> føreslår at det vert tilrettelagt fleir snøggveggar i nærmiljøet. Føreslår at det vert starta prosjekt for opparbeiding snøggveggar ikring lokalmiljøet.	Vert vurdert i TS- planen etter korleis dei lokale forholda er ikring dei ulike stader og miljø. Slike snøggveggar er i TS- planen og nemnt som <i>Barne- trakk</i> .		
105	<b>Framtid for Lykling v/Jarle Martinsen</b> , etterlyser veglys mellom Våge og Lykling når ny vegtrace vert opna. Viser elles til innspel nr 44 og 83.	Det vert tilråda at det vert montert veglys langs gamle vegen når ny vegparsell Lykling-Hidle vert teken i bruk. Ført i tabell 9.7.	Vlfk Bp	1

Oversikt og vurdering av innspel til TS-planen for 2020-2024				
Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ansv	Pri.
106	<b>Innspel frå teknisk drift v/Stein Erik Lyslo i Bømlo kommune.</b> • Bremnesvegen, fv542 -m3330; P-plass Siggjø; Vurdere dobbel sperrelinje fv.542. M.a forbikøyeringar her kan vere risikabelt med så mange (bratte)avkøyrslar.	Ei dobbel sperrelinje vert tilråda.	Vlfk	1
	• Børøyvegen, kv1151 -m 1550-1890; Forsterke vegskulder langsmed sjøen no når det kan vere god tilgang på massar. Dette ligg også i dagens TS-plan.	Viser til tidlegare TS-plan og tilrådest, driftstiltak. Innspel 51 i førre TS-plan.	BK	1
	• Øklandsvegen, Fv.5002 -m80; skilte krysset mot Nesevegen med fareskilt 210 -Forkjørskruss på fv.5002 og tilsvarande på Nesevegen vikeplikt nr.202. Her er det mange tunge køyrety som ikkje overheld høgeregelen og vikeplikta si, og dette køyremønsteret er i stor grad etablert og bør skiltast deretter.	Øklandsvegen bør skiltast forkjørsveg som vil gje ei betre einsarta forståing av vikepliktmonster over vegane. Ved forkjørsvegeregulering vil skilt 202 automatisk verta sett opp i alle tilstøytande vegkryss. Viser til Sv sin landsomfattande vurdering av forkjørsvegskilting.	Vlfk	1
	• Sellevegen KV1065 -m1590: Pigge/utvide kommunal veg i svingen inne ved Selle, sette opp rekkverk og evt. Få lagt bekken på nedsida i kulvert. Her er det smalt, og spesielt vinterstid er det lett for å kome utom vegkanten.	Forslaget tilrådest og definerast som driftstiltak/trafiksikring. KV 1065 i krysset til FV 5004 treng betydeleg TS-tiltak som er omtalt i prosj. ark. 9.2	BK	
	• Gåslandsvegen FV5002 -m3560; Utvide siktsonen i hammaren på Laurhammar som eit strakstiltak (utan å utvide vegen) Forhåpentleg treng ein ikkje plan for å gjere dette. Mykje fotgjengarar og syklistar der, spesielt etter arbeidstid.	Det er stort behov for vegutbetring eller siktutbetring. Siktutbetring med å fjerna vegetasjon tilrådest. Ikkje tilråda å sprengja sikt i skjeringar utan reguleringsplan og bevilgningar. Viser elles til innspel 63,79 og 89.	Vlfk Bk	
	• Børøyvegen KV 1151-m 1550-2580: Tilsynelatande så er der mykje laust fjell som bør takast ned el. sikrast.	Driftstiltak og som må utførast og i kombinasjon med ovanforståande pkt.2.	BK	
	• GS-veg Hollundsvegen, KG18 -m900-1000: Rekkverk og veg ned mot Laurhammarkjosen er i bevegelse og på veg ned mot vatnet. Ny vegoppbygning og rekkverk!	Vegen på Hollund treng oppgradering med omsyn til trafiksikring, kryssingsproblem skulebarn, barnehagebarn, og viser til andre innspel nr 99, 102 og 103 m/fleire.	Bk/ Vlfk	1
	• Hollundsaldalen -Kv1063 m 10; Separering av trafikk på betre måte i krysset.	Deleøy i vegarmen til industriområde bør byggast etter Hb N100 og V127.	Vlfk	1
	• «Snarveg» Bjørkåsen -Meling skule via marka og privat veg til fotgjengerfeltet i Bjørdledalen ved FV4998 -m1845.	Dette punkt er registrert i innspel 41 og 55. Snarveg er eit alternativ for at skulebarn berre treng å kryssa hovedvegen ein gong. Sjå Prosj. ark 9,2 <i>Barn- trakk</i> .	Bk/ Vlfk	1
	• Stokkabekevegen, kv1226 m770: Utvide 60-sona sørover forbi løa på garden Myren.	KV 1226 er kommunal og Bk kan handsama denne saka vidare.	BK	2
	• Rydding av siktsoner og hekkar/busker i private hagar trur eg vi må seie litt om i TS-planen. Eg meiner vi må kunne stille vilkår for visse andre TS-tiltak, til dømes at ein går inn og vurderer sikt og rettareal langs vegar i eit bustadfelt og om det kan gjerast noko med dette, før ein etablerer fartsdemperar. Rydding av siktsoner i hageareal bør ein vel også kunne ta med i det førebyggjande arbeidet. Ein bør også tilstrebe at søknader om ts-tiltak utanom plan som fartsdemperar vert kanalisert gjennom grendautval og vel-lag.	Nemnde tiltak med siktrydding osv, har god TS-effekt.	BK	1
	• Vidare meiner eg at å sette av tilstrekkeleg anna vegareal i handsaming av nye arealplanar, er god trafiksikring. Her bør ein også sjå på byggegrenser for tiltak, at ein ikkje lar byggegrenser få kome for nært opp til offentleg veg.			

**Oversikt og vurdering av innspel til TS-planen for 2020-2024**

Nr	Kort resyme av innspel	Vurdering	Ansv	Pri.
107	<b>Dag Oskar Leirvåg</b> , Klagar på avslag om nedsetting fartsgrense på FV 541. Ber og om veglys på strekning med bustad, ca 500 lm.	Er handsama i innspel 22, 25,27, 28 og 81. Veglys er oppført i tabell for veglys, ca 500 lm. Viser også til innspel 69.	Vlfk	2
108	<b>Stig Rune Sørvik</b> , Ynskjer trafikksikring FV 5002 på Hollund, gangfelt.	Dette innspelet gjeld same sak som innspel nr 99,102,103 og 112. Enkel skisse for tiltaket.	Vlfk	1
109	<b>Hallaråker Gardslag v/Therese Grasdal</b> , Uroa for skulevegen til Meling skule.Vil ha samanhengande g/s-veg til Meling skule. Gangfelt v/Hallaråker krysset	Kryssingspunktet med fortau over veg til Hallaråker er ikkje tilstrekkeleg trygt. Viser til innspel nr 49,53,75 og 77. Prosj. ark nr 9,8.	Vlfk	1
110	<b>Innspel frå teknisk drift v/Stein Erik Lyslo i Bømlo kommune</b> , ber oppsetting av 7 stk veglys/gatelys,4 stk på FV 5004	Er ført opp i tab 9.8 for veglys.	BK	
111	<b>Hans Otto Robberstad</b> , Har stilt spørsmål om Bømlo kommune kan ta initiativ til ei utbetring av tilhøva for gåande og syklande ved inn og- utkjøring ved rundkj. i Hollundsdaalen.	Dette problemet er omtalt i innspel nr 106.	BK	1
112	<b>Nina Ingvaldsen</b> , ber om vurdering av trafikkarlege forhold FV 5004 på Hollundsvegen.	Same sak som innspel 99,102,103, strekningen frå Hollundskjosen til Laurhamarkjosen må prioriterast høgt.	Vlfk	1
113	<b>Innspel frå teknisk drift v/Stein Erik Lyslo i Bømlo kommune</b> , sendt inn oversikt utførte veglysoppsett og strekningar som er planlagt oppsetting veglys i 2020.	Er ført opp i tab 9.8 for veglys.	BK	
114	<b>Innspel frå RGU v/Arild Grasdal</b> , ber om trafikksikring spesielt for skulebarn, FV 5006 i botn av Ramskleiva. Vil ha veglys, skilt, nedsatt fartsgrense,speil og fartshumpar osv.	Viser også til innspel 101, same sak. Det må fyrst gjennomførast ei fartsmåling for eventuelt vidare vurdering av TS-tiltak, tab 9.5.	Vlfk	1
115	<b>Innspel frå Magne Raknes</b> , vil ha trafikksikring framfor tidl. forretningsbygg FV 5004 Laurhamarkjosen.	TS-tiltak må vurderast i samheng med føreslegen TS-inspeksjon av fylkesvegen Hollundkjosen-Laurhamarkjosen. Prosj. ark 9,2.		
116	<b>Hillestveit skule v/Margrethe Eide</b> , forslag til droppsone for skuleelevar, mellom Bygdaturnet og bedehuset på Langevåg KV 1091.	Same sak som innspel 74, 96 og tabell 9,5 og prosj.ark 9,5.	BK	1
117	<b>Innspel frå Magne Størkson</b> , Ber om fartsdumpar pga. høgt fartsnivå, veglys Selsvegen 6-11 og trafikkspeil vegkryss KV 1065/FV 5004	Veglys vert prioritert og ført opp i samletabell for veglys, 9.8 Øvrige tiltak ikkje prioritert.	BK	1
118	<b>Innspel frå teknisk drift v/Stein Erik Lyslo i Bømlo kommune</b> . Tilrår oppsett 3 stk veglys i vegkryss Ekornsæter for betre sikring av fotgjengarar i mørket i kryssområdet KV 1226/1223.	Ein del skulebarn ferdast til frå skule gjennom krysset. vedlagt kartskisse. Vert oppført i samletabell 9.8 for veglys.	BK	1
119	<b>Innspel frå Alf Helge Greaker, v/stabsfunksjon rådmann i Bømlo kommune</b> , Ber om at Europeisk Mobilitetsuke vert teke med i haldningskampanjar. Internasjonal transportform og fokus på miljøvenleg transport.	Forslaget er ført opp i tab 7.3.	BK	
120	<b>Folderøy grendautval</b> : Etterlyser høgresvingfelt frå FV 542 mot KV 1226, rapporterer fleire nesteulykker med risiko påkjøring bakfra. Etterlyser veglys KV 1226 i Folderøydalen. Belysning ved parkeringsplassen ved gravplass. Flytte busskur i Folderøydalen nærare KV 1226. Regulerer busstopp/busslomme. Ynskjer nedsenking for å betra forholda for gåande og syklande frå Bakken.	Mogeleg opparbeiding høgresvingfelt må leggast fram for utbyggingsprosjektet FV 542. Ført tabell 9.5. Veglys Folderøydalen vert vurdert av Bømlo kommune. Likeins vurderer Bømlo kommune øvrige pkt. Nedsenking trafikkskiljer ved vekryss tilråddast men må ikkje verta erstastattning for barne trakk, pkt 19 i tabell 9.5.	Vlfk BK	1

Tabell 10.3; Oversikt innspel i høringsrunden

Vurdering av innkomne innspel i høringsrunden			
Innspel nr	Innsendar	Utdrag av tekst	Kommentar
119	David Vassnes Urangsvåg	Meiner at forslag til justering av trafikkøy og gangfelt i Hollundsdalen er feil, ber om nytt gangfelt lagt lenger inne på KV 1063.	Trafikkøya (deleøya) og gangfelt på KV 1063 må byggast JF Hb N100, V127 og prosj. ark 9.7.
120	Jan Arvid Sønstabø	Ynskjer 2 nye busstopp KV 1187, Sønstabø-Hiskjo. Eit stopp ved Sekk og eit ved Melkevik på Hiskjo.	Busstopp tilråda, oppsett skilt nr 512, Vert ført i tab 9.7.
121	Brandasund Grendelag v/Jostein Waage	Ber om vurdering og tiltak for å betra trafikale forhold på Tronko bru. Innspelet var ikkje med i førre innspelsrunde til TS- planen.	Brua er ca. 392 meter lang og kjørebanebredde er 3,5 m. Vertikalradius = - 638 og ÅDT= 300. Vlfk (bruavdeling) bør vurderer trafikklysregulering. Tabell 9.7.
122	Ken Helge Stavland, Svortland kringlag	Blant anna vil innsendarane ha bygd gangsti på nordsida av Storavatnet. Meiner gangsti kan og nyttast som skuleveg. Ber og om at opprusting av FV 5002 vert framskunda i prioriteringa i Bømlopakken.	Forslaget om gangsti langs nordsida av Storavatnet vert ført opp i tabell 9,6 langsiktige tiltak. Gangsti langs Storavatnet for skulebarn til/frå skulen, vert ingen trygg skuleveg utan ekstra sikringstiltak. Reguleringsplan for FV 5002 er ført opp i tab 9.6.
123	Alf Helge Greaker	Ber om å skilta vikepliktstiltak eller farleg vegkryss i kryss KV 1122 ved Moster skule og Espelandssjøen.	Oppsetting av skilt 202 i vegkryss KV 1122/veg til skulen, vil tydeleggjera vikeplikta. I vegkryss til Espira barnehage bør det og settast opp skilt nr. 202. Ført i tabell 9,5
124	Kjell Søvik Bremnes	Ber om forlenging av fortau framfor møbelsenteret KV 1265. Feil plassering gangfelt.	Gangfelt er merka med skråvinkel over kjørebane som ikkje er godkjent iflg. universell utforming. Noverande fortau bør forlengast. Innspel nr 80 i førre innspel runde. Tab 9.7
125	NMEC Rubbestadneset	Rapporterer farlege situasjonar der forgjengarar nytta fartshumpar som gangfelt og skapar farlege situasjonar i miljøgata FV 542 på Rubbestadneset. Ber alternativt om at fartshumpar vert fjerna for å unngå mistyding mellom trafikantgruppene eller at fartshumpane vert skilta og merka som gangfelt.	Ein er ikkje kjent med slik trafikal problematikk frå andre stader. Det er mange gater med fartsreducerande asfalthumpar og gangfelt i strekningsvis kombinasjon. Miljøgata i Rubbestadneset sentrum er skilta 40 km/t slik at fartsnivået skal vera lågt. Det er ingen etablerte element i miljøgata som er i strid med gjeldande handbøker. Vlfk som vegansvarleg føreteik ei vurdering om eventuelle endringar/tiltak. Tab 9.7.
126	Moster sogelag v/Marit Ingvaldsen.	Innsendar påpeika slurv med stadnamn i TS-planen.	Mange innsendarar i same område brukar ofte ulike skrivemåtar på same stadnamn.
127	Politi Sør-vest politidistrikt v/politioverbetjent Nils Hopland Blikra	Da Bømlo kommune er ein <b>MOT</b> kommune, ber innsendar at dette MOT programmet vert teke med i trafikantretta tiltak.	<b>MOT</b> programmet/prosjektet vert teke med i tabell 7.3.
128	Jarle Martinsen Framtid for Lykling	Mange gatelys har heller dårleg lys- kvalitet mellom Lykling og Søre Sele. Ber om at spesielt ein stolpe må få montert lysarmatur som vedlagt kart viser. Ber om utskifting av eksisterande lysarmatur mellom Lykling og Søre Sele som har dårleg lyskvalitet.	Lysarmatur på ein stolpe vert oppført i samletabell 9.8 for veglys. Viser elles til tidlegare innspel nr 44-47 og 83. Bømlo kommune vurderer om utskifting eldre lysarmatur mellom Lykling og Søre Sele.
129	Goddo Grendautval v/Lars Ivar Klubben	Ber om vurdering fartsgrense FV 5004, veg til Goddo, Vil ha skilta forkjørsveg. Ber om fleire møteplassar på KV Austvik-Katla, etterkvart mykje trafikk på denne kommunale veggen. KV1193.	Eventuell endring av fartsgrense FV 5004 er det Vlfk som avgjer. Tiltråd at FV 5004 vert forkjørsveg, tabell 9.5. Møteplassar på KV1193 veg til Katla, vert ført i tabell 9.7.

### Vurdering av innkomne innspel i høyringsrunden

Innspel nr	Innsendar	Utdrag av tekst	Kommentar
130	Finnås Grendautval v/John Magne Søvold	Merknader til fullføring av parsellen Hidle- Sakseid. Ber om kommunen kan framskunda tiltak innanfor dagens rammer i Bømlopakken 1, søknad om ts-midlar. Ber om vurdering oppstart fortau-bygging gjennom framtidig lokalveg Sakseidsvingane. m.m.	Brevet omhandlar prioriteringar i framdriftsplanen til Bømlopakken. Prosjektgruppa for Bømlopakken handsamar brevet. Med omsyn til tiltak ved Våge skule er dette med i TS-planen tab 9.5 pkt. 3 i og i tab 9.8 pkt. 2.
131	Heidi I Vespestad Halleraker Rubbestadneset	Ber om at faktisk /fysisk støymåling vert utført for bustader etter at vegbygginga er ferdig og teken i bruk.	Støymåling m.m vedkjem reguleringsplanen og må sikrast gjennom oppfylgning godkjend reguleringsplan.
132	Eldbjørg Våge Krukhaug	Brevet handlar om same sak som innspel nr130.	Innspelet er i hovudsak det same som innspel nr. 130.
133	Sakseid Vel v/ Gunnvor Stautland	Dette brev er same bekymring for FV 541 Hidle-Sakseid som innspel 130 og 132.	Viser til innspel nr 130 og 132.
134	Kristi Staveland Sæter	Innsendar er skeptisk til berre veglys som strakstiltak, vil ikkje betra trafikktryggleiken i stor nok grad for mjuke trafikantar. Ber om vurdering andre ts-tiltak som strakstiltak. Vil ha etablering av fortau og <i>fartsdumpar</i> som strakstiltak.	Viser til prioritering tab.9.5 og 9.6 og 9.8 der strekningen har fått brei prioritering. Ein bør arbeida for at opprustinga av strekningen vert prioritert høgare. Fartsdempande tiltak vil ikkje gje betre plass for fotgjengarar på vegen. Før eventuelle fartsreducerande tiltak, må det føretakast fartsmåling på strekningen.
135	Brynjar Stautland på vegne av FSK	Ber om at det vert tilrettelagt fotgjengarovergang mellom avkjørsel Våge skule og idrettsbanen.	Nytt innspel til denne TS-plan, men denne sak har vore med i tidlegare TS- planar. Må sjåast i samanheng med strakstiltak og ført i tabell 9.5, prioritet 3.
138	Ivar Barane 5443 Bømlø	Ber om 4 stk. <i>fartsdumpar</i> på Andalsvegen KV 1085. Hevda at fartsnivået er for høgt på denne vegen. Politiet har tilråda <i>fartsdumpar</i> som einaste løysing.	Det bør føretakast fartsmåling før ein tek avgjer om fartsreducerande tiltak med asfalthumbpar. Tabell 9.7.
139	Tide Buss AS	1.Er bekymra for TS- risikoen ved buss stoppen ved Hidle. FV 541.	1.Skule elevar og andre gåande vert utsett for ein viss TS-risiko slik forholda er i dag der fleire elevar må gå gjennom uoversiktleg kurve. Bussane stoppa like nord for noverande busstopp på Hidle som ikkje er skilta busstopp. Tiltak bør settast iverk. Tabell 9.5.
		2.Busskorrespondansen i Sakseidteen utgjer ein viss TS-risiko. Ber om tryggare plassering for bussane ved korrespondanse mellom sør og nord gåande bussruter.	2. Det er TS-risiko med busskorrespondanse midt i Sakseidkrysset. Tide Buss ber om tilrettelegging av sideareal ved FV 541 vis a vis Monter km pel 0,330. Tabell 9.5.
		3.Ber om 2 busstopp ved vegkryss KV 1226 og KV 1223 på Ekornsæter.	3. Busstoppane bør vurderast av BK og om moglege merkast som kantstopp. Låg ÅDT. Tabell 9.5.
140	Innspel etter kommunestyre-vedtak 22.06.2020	Ber om at FV 5000, Totlandsvegen-Grindheim vert lagt inn i tab.9.6 Vegstrekningen må sikrast med g/s-veg. Ber om punktutbetring i høve siktzone og vegbreidde som strakstiltak i tab.9.5	For å bygga g/s- veg, må det utarbeidast reg.plan, ført i tab. 9.6. Punktutbetring i høve siktzone og vegvredde vert ført i tab.9.5. Strakstiltak som punktutbetring siktzone og vegbreidde krev meir avklaring.



### 13. Oppsummering vedleggsdel

Arbeid med trafikktryggleik er omfattande og ikkje eksakt vitenskap, men eit tema som stadig gjev oss påminning om kor viktig det er å vera aktiv og i forkant for å redusera TS- risikoen. Det er svært viktig at vegsystemet vert best mogeleg utforma og dermed gjer skadekonsekvensen minst mogeleg ved ei eventuell trafikkulykke. Det er også svært viktig at gang-sykkelveg- systemet vert utbygd mest mogeleg trygt og attraktivt å bruka, dette og med omsyn til *Aktiv transport*.

Likefullt er det og svært viktig at kvar einskild trafikant som fotgjengar, syklist, og sjåfør av kjøretøy, viser forståing for risiko med å ferdast i trafikken. Risikoforståing er ein faktor av kjøre-prosessen som består av: Sansa, oppfatta, avgjera og handla som kvar einskild trafikant må vera bevisst på når ein ferdast i trafikken. Dette gjeld og syklistar og fotgjengarar.

Som oftast er det trafikanten sine val og handlingar som avgjer om det vert ei trafikkulykke eller ikkje. Det kan vera mange grunnar til at det skjer ei trafikkulykke Eit døme kan vera val av fartsnivå i forhold til vegstandard, klimatiske forhold og vegens omgivnad. Merk at sjølv om ein kjører innanfor skilta fartsgrense, kan det likevel vera for høg fart etter forholda. Eit anna døme kan vera å halda fokus når ein kjører bil, sykklar eller er fotgjengar. Til dømes distraksjon som fylgje av bruk av mobiltelefon og andre navigasjonsinstrument i kjøre- prosessen kan auka TS- risikoen.

Trafikantretta- og haldningsskapande tiltak er ein viktig del av TS-planen og i denne planen er det fleire tiltak som ikkje har vore tema i tidlegare TS-planar. Spesielt er det temaet *Aktiv transport* som vedkjem alle, både skulebarn, unge og eldre.

*Aktiv transport* er eit gjennomgåande tema på landsbasis og denne planen har oppfordring til alle å reflektera over sitt eige transportbehov. Døme kan vera å gå meir, sykla meir eller å nytta kollektiv transportmiddel. Mosjon gjev helsegevinst.

Det er framleis mange vegstrekningar på Bømlo som har betydelege behov for utbetringar, dette gjeld spesielt fortau og g/s-veg. Ei betre separering mellom gåande, syklande og andre kjøretøy, vil bety mykje for trafikktryggleiken, spesielt for skulebarn, men også for foreldre. Til dømes strekningen FV 5004 Hollundkjosen til Laurhamarkjosen har betydeleg behov for TS-tiltak, prosjektark 9,2. Strekningen Laurhamarkjosen – Sjøvollen til Olakjosen har også behov for utbetring. FV 4998 frå Sjøtungva bygget til Sønstabø treng utviding og forlenging av g/s-vegen.

Ein del føreslegne tiltak krev reguleringsplan og nokre av tiltaka er frå førre TS- planar. Tiltaka som krev reguleringsplan, er lista opp i tabell 9.6. Det er viktig at reguleringsplanar vert forankra i Trafikksikringsplanen, dette for vidare prioriteringar i åra frametter, og for planlegging av framtidige budsjett.

Det er område ikring skular som treng trafikksikring, til dømes Rubbestadneset barneskule, Hillestveit barneskule (prosjektark nr 9.5) og Våge skule.

Andre tiltak for trygg skuleveg kan vera å bygga fleir gangstiar som *Barne- trakk* (snarvegar) og på den måten unngår ein risikoen med skulebarn i biltrafikken. Slike gangstiar må byggast med veglys.

Det er svært mange som har sendt inn innspel til TS-planen og det viser at det er stort engasjement for trafikktryggleiken i Bømlo kommune.

<https://www.veqvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/kampanjer/oppmerksomhet>



Forkortingar som er nytta i trafikksikringsplanen:

TS- plan = Trafikksikringsplan

Ådt = Årsdøgertrafikk

SSB = Statistisk sentralbyrå

NVDB = Nasjonal vegdatabank

VTS = Vegtrafikksentralane

Vlfk = Vestland fylkeskommune

BK = Bømlo kommune

NTP = Nasjonal transportplan

KPS = Kommuneplanens samfunnsdel

FV = Fylkesveg

KV = Kommunalveg

PV = Privatveg

Hb = Handbok (*Stat. vegv. handbok serie*)

Straktiltak = tiltak som bør utførast innan 2 år i planperioden

Langsiktige tiltak = tiltak som bør utførast i planperioden



## BEREKRAFTIG UTVIKLING



*Trygt fram saman*